



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	866 751 242
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	EIDE FJORDBRUK AS
Forretningsadresse:	Støavegen 98 5640 EIKELANDSOSEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Randi Herre Eide
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	13.04.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 12.08.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	2	802 694 160	808 229 998
Annen driftsinntekt		9 748 504	11 878 801
Sum inntekter		812 442 665	820 108 799
Kostnader			
Endring i beholdning av varer under tilvirkning og ferdig tilvirkede varer		36 781 556	569 398
Varekostnad		530 598 619	537 528 293
Lønnskostnad	3, 4	41 262 891	40 632 888
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	4, 5	30 848 994	25 901 299
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	5		
Annen driftskostnad	3, 4	78 168 075	83 953 697
Sum kostnader		717 660 134	688 585 575
Driftsresultat		94 782 530	131 523 224
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i tilknyttet selskap		6 500 000	2 500 000
Annen renteinntekt		970 444	2 077 196
Annen finansinntekt		7 080	
Sum finansinntekter		7 477 524	4 577 196
Annen rentekostnad		7 396 889	7 995 467
Sum finanskostnader		7 396 889	7 995 467
Netto finans		80 635	-3 418 271
Ordinært resultat før skattekostnad		94 863 165	128 104 953
Skattekostnad på ordinært resultat	6	18 476 636	28 011 078
Ordinært resultat etter skattekostnad		76 386 529	100 093 875
Årsresultat	7	76 386 529	100 093 875
Årsresultat etter minoritetsinteresser		76 386 529	100 093 875



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Totalresultat		76 386 529	100 093 875
Overføringer og disponeringer			
Avsatt til annen egenkapital			93 875
Foreslått utbytte		76 386 529	100 000 000
Sum overføringer og disponeringer		76 386 529	100 093 875



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker o.l.	8	94 826 000	86 870 000
Utsatt skattefordel	6		
Sum immaterielle eiendeler		94 826 000	86 870 000
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4, 5	13 794 786	5 930 401
Maskiner og anlegg	5	137 106 966	116 181 657
Skip/båter o.l.	5	6 381 043	5 711 272
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	5	9 893 936	12 830 671
Sum varige driftsmidler		167 176 731	140 654 001
Finansielle anleggsmidler			
Investering i datterselskap	9	195 682 185	15 811 971
Investeringer i tilknyttet selskap	9	75 557 200	75 567 200
Investeringer i aksjer og andeler	10	755 381	640 001
Andre fordringer	12	14 947	35 410
Sum finansielle anleggsmidler		272 009 713	92 054 582
Sum anleggsmidler		534 012 444	319 578 583
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	11	188 479 321	222 626 702
Fordringer			
Kundefordringer	4, 12	194 946 193	263 117 542
Andre kortsiktige fordringer	12	62 463 102	36 141 253
Konsernfordringer	13		2 896 812
Sum fordringer		257 409 295	302 155 608
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	14	61 615 667	61 599 282
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		61 615 667	61 599 282



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum omløpsmidler		507 504 283	586 381 591
SUM EIENDELER		1 041 516 726	905 960 174
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital (350 aksjer á kr 24 400)	7, 15	8 540 000	8 540 000
Annen innskutt egenkapital	7	40 816 074	40 816 074
Sum innskutt egenkapital		49 356 074	49 356 074
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	7	307 073 105	307 073 104
Sum opptjent egenkapital		307 073 105	307 073 104
Sum egenkapital		356 429 179	356 429 178
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	3		
Utsatt skatt	6	43 416 279	50 366 124
Sum avsetninger for forpliktelser		43 416 279	50 366 124
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	12	346 111 110	168 333 308
Øvrig langsiktig gjeld	12	67 482 745	71 312 218
Sum annen langsiktig gjeld		413 593 855	239 645 526
Sum langsiktig gjeld		457 010 134	290 011 650
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		60 788 203	59 498 538
Betalbar skatt	4, 6	9 646 218	23 652 058
Skyldige offentlige avgifter		3 240 178	2 760 221
Utbytte		76 386 529	100 000 000
Gjeld til konsernselskaper	13	65 031 211	



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Gjeld til aksjonær		155 300	168 535
Annen kortsiktig gjeld		12 829 774	73 439 993
Sum kortsiktig gjeld		228 077 413	259 519 345
Sum gjeld		685 087 548	549 530 996
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 041 516 726	905 960 174



ÅRSRAPPORT 2020





Innhold

OM OSS

- [Vår historie](#)
- [Vår visjon og vårt verdigrunnlag](#)
- [Våre løfter og berekraftsmål](#)
- [Våre interessentar og dialogen med dei](#)
- [Sondre Eide om framtidas havbruk](#)

FISK

- [Fokus på fiskehelse og - velferd](#)
- [Handtering av lakselus](#)
- [Bruk av medisinar og kjemikaliar](#)
- [Tradisjon for kvalitet](#)

FOLK

- [Ein trygg plass å arbeide](#)
- [Trivsel, mangfald og likestilling](#)
- [Levande bygdesamfunn](#)
- [Anti-korrupsjon](#)
- [Kunnskap – Salmon Eye og Kretsløpet](#)

FJORD

- [Miljøstatus på våre lokalitetar](#)
- [Villaksen og vår påverknad på den](#)
- [Avfall – Ressursar på avvege](#)
- [Våre CO2-utslepp - Laksen som klimavinnar](#)

FRAMTID

- [Innovasjon og digitalisering](#)
- [Investering i ny teknologi](#)
- [Nye førråvarer](#)

ÅRSREKNESKAP

- [Årsberetning frå styret](#)
- [Årsrekneskap 2020](#)
- [Beretning frå revisor](#)



Matfisk




Matfisk FoU



Settefisk




The Salmon Eye





Vår historie

Eide-familien har ein tradisjon for matproduksjon som strekkjer seg attende til 1600-talet. I snart 50 år har me vore med og bidrege til utviklinga av den norske oppdrettsnæringa. Vårt perspektiv har alltid vore langsiktig, det skal det fortsette å vera.



Vår visjon

«Set standarden for framtidens havbruk»

Vår visjon er å sette standarden for framtidens havbruk. Som eit familieeigd selskap med lang historie er det viktig for oss å drive på ein måte som gjev oss anledning til å drive langsiktig, slik at me kan vidareføre familiebedrifta til neste generasjon i endå betre stand enn då me overtok.

Eide Fjordbruk er ikkje blant dei største og kan ikkje vinne på volum, men me kan strekke oss for å bli best på mange andre område. Vår visjon handlar om dette.

Me vil gå i front og vere eit eksempel for etterfølging.

Me vil drive matproduksjon i sjøen på ein berekraftig måte for framtida og kommande generasjonar.

Me bryr oss om kvarandre, fisken vår, og miljøet me driv og lever i. Me har eit sterkt engasjement for det me driv med og ønsker å bidra aktivt til å vidareutvikle næringa for framtida.

Me er og veldig klare på at me trur framtida for laks i Noreg er i sjøen, og at det er fjordane våre og det reine vatnet vårt som er vårt viktigaste fortrinn i konkurransen med pengesterke aktørar i utlandet.

Samtidig tek me utfordringane med dagens opne merdar på alvor, og innser at me treng nye løysingar for å få bukt med særleg utfordringa knytt til lakselus.

Derfor vil me investere i å vidareutvikle dagens driftsform i sjø gjennom bruk av mellom anna ny teknologi og nye hjelpemiddel.





Vårt strategiske fundament



Vår visjon

Set standarden for framtidens havbruk

Vår misjon

Lidenskapeleg lakseproduksjon i vill norsk natur

Våre verdier

Framtidsretta

Me har historia i vårt hjarta og jobbar stolt kvar dag for å utfordra det etablerte

Lidenskapeleg

Me har det gøy saman og delar kjensler for fisken, fjorden og bygdene

Uredd

Me har viljestyrke, fokuserer på det me kan påverka og gjev oss ikkje

Påliteleg

Me har tillit til kvarandre og står for det me seier og gjer

Kvalitetsbevisst

Me har klare mål der me prioriterer og veit kor langt det er att til eit kvalitetsresultat

Våre løfter

FOLK

Alle er ein del av Eide-familien

FISK

Kvalitet og fiskevelferd i sentrum

FJORD

Ansvarleg og miljøbevisst produksjon

FRAMTID

Innovasjon, investeringar og lønnsemd

Våre løfter og arbeid med berekraft

For å nå vår hårete visjon om å sette standarden for framtidens havbruk er det viktig med mål for å kunne sjekke om me er på rett veg. Me har derfor definert ulike delmål og fokusområde innanfor våre fire F-ar; Fisk, Folk, Fjord og Framtid. Måla reflekterer korleis me arbeider med berekraft i praksis på merdkanten og korleis det me gjer bidreg inn mot FN sine berekraftsmål.

FISK	FOLK	FJORD	FRAMTID
HOVUDMÅL OG FOKUSOMRÅDER			
<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på god fiskehelse- og velferd • Redusere bruk av medisinar og kjemikalier • Handtering og kontroll av lakselus 	<ul style="list-style-type: none"> • HMS, trivsel og helse • Sunn og trygg mat • Bidra til levande bygdesamfunn • Unngå arbeidslivskriminalitet 	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå rømming • Etterleving av miljøregulativ • Minimere avfall • Redusere utslepp av klimagassar 	<ul style="list-style-type: none"> • Innovasjon og digitalisering • Langsiktig satsing på ny teknologi • Nye fôrråvarer • Konkurransedyktige og lønsame bedrifter i distrikta
ANDRE MÅL			

Vesentlege område for rapportering på berekraft

Me har saman med våre interne og eksterne interessentar kartlagt dei viktigaste risikoane og områda knytt til vår drift og organisasjon gjennom ei spørjeundersøking gjennomført i 2020. Resultata av undersøkinga er kategorisert på ein skala frå 1-5, der 1 er lite viktig og 5 er svært viktig.

Analysen er basert på ei spørjeundersøking i 2020 til våre viktigaste eksterne interessentar, samt til alle våre tilsette og eigarar.


Det er kome inn totalt 66 svart på undersøkinga, og svara er godt fordelt på både interne og eksterne interessentar, og mellom dei ulike interessentgruppene.

Respondentane har fått spørsmål om å vurdere totalt 40 ulike berekraftemne etter grad av viktigheit frå «Lite viktig» (score 1), «Litt viktig» (score 2), «Ganske viktig» (score 3), Viktig (score 4) og «Svært viktig» (score 5). I tillegg har det vore mogeleg å oppgjje eigendefinerte emne. Undersøkinga er gjennomført anonymt.

Sidan enkelte interessentgrupper (særleg tilsette og leverandørar) har fleire interessentar og respondentar enn andre så er alle interessentgruppene vektta likt i utrekninga av gjennomsnittsscore.

Det inneber at kvar respondent kan ha ulik vektning avhengig av kva interessentgruppe dei høyrer til. Alle områda med gjennomsnittsscore over 3 er vist i tabellen, medan områda med score over 4 frå både interne og eksterne interessentar er dei områda me vil fokusere på i vår berekraftrapportering.

- HMS
- Levande bygdesamfunn
- Unngå arbeidslivskriminalitet
- Ivareta god fiskehelse
- Redusere svinn og dødelighet
- Ansvarleg bruk av medisinar og kjemikalier
- Ansvarleg og sirkulær handtering av avfall
- Etterleving av miljøregulativ
- Unngå rømming
- Redusere utfordringa med mikroplast
- Redusere utslepp av klimagassar
- Innovasjon i bruk av nye berekraftige førråvarer
- Innovasjon og bruk av ny teknologi
- Kostnadseffektiv drift
- Finansielt solide bedrifter i distrikta



EIDE FJORDBRUK – ÅRSRAPPORT 2020

7



Våre interessentar

Felles for alle våre interessentar er at dei er svært opptekne av å ivareta god fiskehelse og å unngå arbeidslivskriminalitet. Våre eksterne interessentar er generelt i større grad enn dei interne opptekne av utslepp av næringsssaltar og innhald av miljøgifter, og mindre opptekne av mellom anna god avkastning til aksjonærene.

	Viktigaste emne	Vår dialog
Eigarar	Eide Fjordbruk er eigd av familien Eide som er særleg opptekne av innovasjon, langsiktighet og HMS for folk og fisk.	Eide – familien er òg styremedlemmer og har leiande roller i selskapet.
Tilsette	Me i Eide Fjordbruk er spesielt opptekne av HMS og å redusere svinn og dødelegheit i produksjonen. Me er òg opptekne av innovasjon, lokalt eigarskap og kostnadseffektiv drift.	Me gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar for å kartleggje både arbeidsmiljø og trivsel, og i kva grad dei tilsette er nøgde med tiltak og endringar me gjennomfører for å nå våre mål.
Långjevarar	Våre långjevarar er spesielt opptekne av å redusere utslepp av klimagassar, unngå arbeidslivskriminalitet og å etterleve miljøregulativ.	Me gjennomfører årlege møte med våre långjevarar.
Kundar	Våre kundar er spesielt opptekne av å unngå arbeidslivskriminalitet, samt av mangfald og inkludering.	Me har løpande dialog med våre kundar og legg til rette for besøk og revisjonar.
Leverandørar og samarbeidspartnarar	Våre leverandørar og samarbeidspartnarar er i noko større grad enn andre interessentar opptekne av å ivareta god fiskehelse.	Me har jamleg dialog med våre hovudleverandørar rundt våre krav og forventningar når det gjeld berekraft, særleg viktig er dialogen med våre førleverandørar.
Offentlege organ og tilsynsmyndigheiter	Offentlege organ og tilsynsmyndigheiter er i større grad enn dei andre opptekne av ansvarleg bruk av medisinar og kjemikaliar.	Me deltek i møter og korrespondanse, samt legg til rette for tilsyn og besøk.
Lokalsamfunna og naboar der me driv	Lokalsamfunna er særleg opptekne av mellom anna levande bygdesamfunn og biodiversitet i lokale økosystem.	Me etterstrebar ein open og god dialog med blant anna å delta i møter lokalt, vera opne for besøk og ta imot innspel.
Interesseorganisasjonar	Interesseorganisasjonane er særleg opptekne av biodiversitet i lokale økosystem og spesielt tilhøva for villaksen.	Me legg til rette for besøk og forsøker å ha ein dialog basert på gjensidig tillit og openheit.

Sondre Eide om året 2020 og framtidens havbruk

Året 2020

Eide har vore matprodusent i 50 år. Besten, Knut Johan Eide, starta oppdrett i ferskvatn med aure, pappen utvikla selskapet til sjø og lakseproduksjon i stor skala. Eide er ikkje eit ferskvatn eller sjøvasselskap, me produserer mat. Hjå oss arbeider me for at alle detaljar i produksjonen frå rognkorn til slakteresultat kontinuerleg skal forbetrast. Som tredje generasjon matprodusentar i sjø er vårt fokus å laga verdiskapande mat på ein mest mogleg effektiv og rasjonell måte. Produksjonen må skje utan at det går utover mogelegheitene for kommande generasjonar til å gjere det same. Me vil utvikla vår matproduksjon i sjø med å få biologien nærast mogleg naturen, utvikla teknologi for å betre biologien, samt ha dialog med dei som skal ete maten vår, for å sette standarden for framtidens havbruk.

2020 skulle vore eit år der me feira 50-årsjubileum, men vart eit sosialt utfordrande år for alle mennesker. Alle bedrifter er eit produkt av dei som jobbar i bedrifta. Då er eg i eit år som 2020 spesielt glad for at me har dei flinkaste folka som bryr seg mest om fisken og som brenn for å kontinuerleg forbeta biologien. Me leverer gode resultat både økonomisk og kva gjelder miljø, klima og berekraft. Samtidig veit me at me må investera og endra oss for å vekse og tilpasse oss forventningar, krav og forbrukarynskjer i framtida. Folka våre er den viktigaste ressursen me har, og me er stolte over å ha dei beste og mest dedikerte folka hjå oss.

Prestasjon

COVID-19 har gjort 2020 til eit år alle vil hugsa. Sosialt sett har da vore vanskelig, der ein ikkje har kunna møtt kvarandre fysisk for å diskutera. Markedsmessig har året også våre utfordrande då HORECA markedet har vore sterkt redusert. Dette har ført til lågare laksefiskprisar, som for Eide sin del har redusert vårt resultat markant. Men situasjonen har samtidig skapt nye marked som vil vera der etter pandemien. Dette gjeld spesielt at kunden sjølv har måtta både kjøpe og tilberede fisken. Dette er svært interessant då sluttkunden kjem nærare produktet og forståelsen av å bruka den. Me trur sluttkunden vil sette hardare krav til maten dei konsumerer og vil veta meir om korleis den er produsert. I Eide har me derfor starta arbeidet med vår eigen merkevare Salmon Zero.

Operasjonelt har 2020 har vore eit år der alle i Eide har utvikla bedrifta enormt. Me har mellom anna klart å halvere dødelegheita i produksjonen vår, noko som medfører en dødelegheit ned mot 2 % for enkelte lokalitetar. Me har produsert laks frå vanleg smoltstørrelse til 5 kg på berre 7,5 månader. Me har satt produksjonsrekord med 15.367 tonn i volum og sjølv om me framleis ventar på endelege vedtak meiner me òg at me har klart unntaket i trafikklyssystemet på alle våre egne lokalitetar.

I tillegg har me produsert verdas fyrste karbonnøytrale laks. I den samanheng er det fantastisk at me har klart å redusera utsleppa frå verdikjeda vår frå 3,99 kg CO₂e til 2,95 kg CO₂e per kg laks produsert, tilnærma 30 % reduksjon på eit år. Me har òg laga eit eige klimarekneskap, slik at me lettare kan følgje utviklinga for utslepp i heile produksjonskjeda, og sette inn tiltak for å redusera utslepp ytterlegare.

«Me er offensive i Eide. Me veit framtida skapast med hardt arbeid, innovasjon og optimisme. Eg seier som pappen, me gjer oss ikkje, me går til me dauter.»

Dette er eit arbeid me jobbar vidare med. Med oppkjøpet av Nordfjord Forsøksstasjon ynskjer me å finne og utvikle nye fórråvarer til å redusere utsleppet mot vårt mål som er 0 kg CO₂e. Samtidig er arbeidet godt i gang med å elektrifisere heile fartøyflåta vår, samt alle våre lokalitetar.

Framtida

Eg er stolt av medarbeidarane me har i Eide. Som med andre nedturar har ein stått opp og arbeida saman for å snu ein hard motbakke til god trening. Flaks får ein meir av desto meir ein trene. Me skal trenast det som skal til for å sette standarden for framtidens havbruk. Best mogleg utnytta havet til å laga verdiskapande mat på ein måte som ein kan gjere i generasjonar. Det vert ikkje enkelt og det vil krevje ein enorm innsats frå alle i bedrifta og samarbeidspartnarar. Me vil gjere feil, for om ein skal utvida og flytte grenser må ein gjere feil som ein lærer av. Sjølv om me ligg i eit område der trafikklyset er rødt og gult, skal me bruka det til vår fordel og utvikla oss raskare, omstilla oss betre, og dermed koma fortare til framtida.

Eg er ein veldig stolt tredje generasjon matprodusent i sjø. Eg er utruleg stolt av kva me gjer og maten næringa vår lagar. Men det er mange som er usikker på vår næring og har mange spørsmål til korleis me driv, korleis me behandlar fisken og naturen. Det er veldig bra og sunt. Men da er veldig viktig at me som matprodusentar fortel om korleis me driv, kvar me kjem frå og kva me tenkjer om framtida. Sjølv om kundane våre er globale treng me lokal støtte i Noreg. Våre fortrinn er enorme og om me nyttar dei rett vil me vera leiande innan havbruk inn i framtida. Men då må me fortelja det me veit til alle og ikkje berre til oss sjølv. Eide vil derfor opna visningssenteret Salmon Eye i fyrste halvdel av 2022. Senteret skal vera eit monument for berekraftig matproduksjon i sjø og gje kunnskap om avtrykket til laksefisken samt inspirera til innovasjon og samarbeid.

Det skal vere uavhengig av Eide Fjordbruk, og bidra til at både dei utfordringane næringa må løyse setjast på dagsorden, samstundes som moglegheitene og innovasjonskrafta løftast fram.


Me er offansive i Eide. Me veit framtida skapast med hardt arbeid, innovasjon og optimisme. Eg seier som pappen, me gjer oss ikkje, me går til me dauer.

Sondre Eide,
Tredje generasjon lakseoppdretter





FISK



Døds
Antibiotika
Tal på med
lin
Tal på ikkje
dellingar per



Fokus på fiskehelse og -velferd

Mål:

Me vil at fisken vår skal vekse og ha det bra. To av dei største utfordringane innanfor fiskehelse i dag er for høg dødelegheit og redusert fiskevelferd knytt til mekaniske behandlingar mot lakselus. Me har satt oss mål om å ha under 5 % dødelegheit frå utsett i sjø.

Bakgrunn

Overgang til ikkje-medikamentelle lusebehandlingar er bra for miljøet, men baksida er at det har ført til auka dødelegheit og utfordringar med fiskevelferd dei seinaste åra.

Tiltak

Me arbeidar systematisk og grundig med å sikre god fiskevelferd og å redusere dødelegheita, gjennom alt frå val av genetik, vaksiner og fôr til å redusere talet på avlusingar og å forbetre sjølve avlusingsoperasjonane. Den daude fisken blir undersøkt og kategorisert, og utviklinga blir følgt tett over tid. Hendingar som fører til unormalt høg dødelegheit, vert rapportert til Mattilsynet.

I tillegg til lusebehandling er laksesjukdommen pankreassjukdom («PD») ein viktig bidragsytar til høg dødelegheit. Her har me nytta nye og meir effektive vaksiner frå og med 2019 for å betre fiskehelsa og auke slaktekvalitet ved eventuell sjukdom.

Eide investerer òg i storskala datafangst gjennom ei rekke sensorar i merdane som kontinuerleg loggar miljøforholda til fisken, mellom anna salinitet, oksygenverdiar og straum for å kunne lære og sjå nye samanhengar som skal hjelpe oss å forbetre oss.

For å snu utviklinga og redusere dødelegheita har me mellom anna fått på plass to beredskapsfartøy for å hjelpe oss og slakte svak fisk som elles kunne døydd. Me har i 2020 òg fått tilsett vår eigen veterinær, Britt Kari. Dette er ei viktig tilsetning for oss for å auka fokuset på fiskevelferd og fiskehelse. Britt Kari hjelper oss med å arbeide målretta med auka biosikkerheit og reiser rundt og hjelper til og inspiserer.

Resultat

Tiltaka som er gjennomført har gjeve ei betydeleg reduksjon i dødelegheit samanlikna med nivåa i 2017-2019.


Etter vår vurdering er hovudårsaka til nedgangen kontinuerleg fokus på biosikkerheit og dødelegheit frå alle dei tilsette, frå leiing til røktar. I tillegg har bruk av beredskapsfartøy og ei reduksjon i tal på lakselusbehandlingar vore viktige.

Til tross for reduksjonen gjer høg dødelegheit på enkeltlokalitetar at me endå ikkje er i mål og me vil vidareføre tiltak og fokus i 2021 for å komme endå lågare.



Foto: Veterinæren vår Britt Kari på inspeksjon

Utvikling døde



Handtering av lakselus

Mål:

Me skal handtere lusa gjennom førebygging der det er mogeleg og minimera bruk av medikament til behandling mot lus. Me har mål om å ha under 0,1 kjønnsmodne holus per fisk på alle våre lokalitetar i perioden når villaksen og sjøauren vandrar ut. Alle lokalitetar skal telle og rapportere lusetal kvar veke.

Bakgrunn


Lakselus er ein parasitt som finst naturleg i havet og som berre lever på laksefisk. Sidan det er mange oppdrettsfisk sett i samband med tal på villaks vil det føre til eit smittepress på villaksen om me har mykje lus i merdane våre. Derfor er det satt strenge grenser til maks tal på lus per fisk. Sidan det er få lus per fisk tek normalt ikkje oppdrettslaksen skade av dette, men behandlinga for å halde lusemengda nede kan føre til stress og skade på laksen.

Tiltak

Me forsøker å handtere lusa gjennom førebygging så langt det let seg gjere. Dette er både betre for fisken, miljøet og økonomien. Me nyttar ein kombinasjon av genetikkk, fôr, større smolt, luseskjørt og tubenøter for å førebyggje lusepåslag. Når førebygging åleine ikkje er tilstrekkeleg nyttar me reinsefisk. Dersom heller ikkje reinsefisk er tilstrekkeleg nyttar me ikkje-medikamentell behandling, for eksempel med termisk behandling. Bruk av medikament er saman med tidleg utslakting dei to siste verkemidla me har.

Eide Fjordbruk har dei seinare åra investert stort i førebygging i form av tubenøter og luseskjørt. Me er og i gong med bygging av eit RAS-anlegg for produksjon av stor smolt gjennom det tilknytte selskapet Ænes Inkubator AS. Gjennom det tilknytte selskapet Miljø og Havbruk AS, disponerer Eide Fjordbruk avlusingsfartøyet «Seisund» med fire linjer for termisk behandling. Seisund har vore i drift sidan hausten 2017 og kan behandle heile 450 tonn fisk per time. Båten er ein viktig beredskap for å kunne handtere lakselusa når førebygging ikkje er tilstrekkeleg.


Vår strategi for handtering av lus




Resultat

Til tross for auka fokus på førebygging har behovet for ikkje-medikamentelle behandlingar auka i takt med at dei tillatne lusegrensene og medisinbruken er redusert. 2020 er første året me har klart å redusere bruken. I 2020 har me heller ikkje nytta rognkjeks, men me har oppretthaldt bruken av leppefisk. I Eide Fjordbruk har me ikkje gjennomført medikamentell badebehandling mot lus sidan 2016, men me har måtta nytta medikamentell lusebehandling tilsett gjennom føret til fisken i enkelte tilfelle.


Unntaksregel for vekst*




Telling av lus



Ikkje medikamentelle behandlingar



Bruk av rensfisk



* Andel av våre lokalitetar som oppfyller kriteria for berekraftig vekst uavhengig av trafikkløst i regionen. Endelege vedtak om tilbod om vekst føreligg ikkje p.t., men andelen er berekna ut ifrå vårt beste estimat over kva lokalitetar me meiner oppfyller kriteria.

Bruk av medisinar og kjemikaliar

Mål:

Ut ifrå ei føre var haldning ønsker me å minimere bruken av medisinar og kjemikaliar og har mål om å ikkje nytte meir enn ei medikamentell behandling mot lus per produksjonssyklus. Me har og mål om å ikkje bruke kopparimpregnerte nøter eller bruke antibiotika til fisken vår.

Bakgrunn

I oppdrettsbransjen nyttar me ulike kjemikaliar mellom anna til ensilering av dødfisk, bedøving av fisk i forbindelse med vaksiner og lusetelling og vaske- og desinfeksjonsmiddel. I tillegg nyttar me i enkelte tilfelle medisinar som behandling mot sjukdom eller mot lus.

God og ansvarleg handtering av medisinar og kjemikaliar er viktig både av omsyn til våre tilsette, fisken vår og miljøet rundt oss. Dette er òg eit område som er viktig for våre interessentar.

Tiltak

Me risikovurderer alle kjemikalie og medisinar som er i bruk og set inn tiltak for å redusere risikoen for utsepp til miljø eller skade for folk eller fisk. Me har òg eit eige system for handtering av slike stoff som skal sikre at alle som nyttar dei har fått tilstrekkeleg opplæring, har riktig verneutstyr og tilgang på produktdatablad. Bruk av medisinar skjer berre på bakgrunn av resept utskrive av veterinær eller fiskehelsebiolog.

Me har ut ifrå føre var prinsippet mål om å ikkje nytte kobbarbasert notimpregnering. Kobbar er eit metall som har lang nedbrytingstid og som derfor kan ha negative konsekvensar for havbotnen under anlegga. For å klare å nå målet har me sørga for å ha ekstra kapasitet til spyling av nøtene.

For å redusere bruken av medisinar til bruk mot lus nyttar me førebyggjande tiltak og ikkje-medikamentell behandling så langt det let seg gjere.


Resultat

Medisinbruken er kraftig redusert frå 2015 til 2020. Sidan 2016 har det ikkje vore gjennomført badebehandling mot lus og bruk av medisin tilsett gjennom føret er òg kraftig redusert.


Målet om maks ei medikamentell behandling per produksjonssyklus var nådd i 2020.

Det er ikkje nytta antibiotika i 2020.


Mengde medikamentelle produkter



Antibiotika



Tal på medikamentelle behandlingar per syklus



Tradisjon for kvalitet

Me har produsert kvalitetsfisk sidan 1970. Årleg produserer me over 60 millionar laksemiddagar. Samspel mellom eigarskap, ansvar og drift har alltid vore viktig for Eide og dette er grunnlaget for nærleiken bedrifta har til produktet sitt og lokalsamfunnet rundt.

Me vil vera med på å forma morgondagens havbruk på ein best mogleg måte, slik at komande generasjonar både kan hausta og eta sunn kvalitetslaks frå Eide.

Laksen og auren vår får òg det aller beste fôret, med ein høg del marine råvarer, til det beste for både fisken og forbrukaren då dette sikrar at fisken er full av dei sunne omega-3 fetttsyrene som både me og laksen treng.


Me har òg vald å ta kostnaden ved å berre kjøpe fôr der fiskeolja er reinsa for dioksinar og dioksinliknande PCB-ar. Dette for å sikre at fisken vår inneheld mest mogeleg av det sunne, og minst mogeleg anna. I 2020 tok me òg valet om å ikkje lenger nytta soya frå Brasil i vårt fôr. Det gjer me både for å være 100% sikre på at me ikkje indirekte bidreg til avskoging av regnskog, òg for å redusere karbonavtrykket på fisken me produserer.

All fisken me produserer er Global GAP sertifisert, noko som mellom anna inneber strenge krav til sporing og mattryggleik. Eide Fjordbruk er òg sertifisert som karbonnøytral bedrift. Kvardagen vår er eit kontinuerleg arbeid for betre kvalitet. Det handlar om å ha fagleg flinke og lokalt forankra tilsette som alle har same mål: Å produsera laksefisk av høgaste kvalitet.





FOLK



Lærlingar

6

Sjukefråvær
(%)

2

Arbeidsrett
medlems

2



Ein trygg plass å arbeide

Mål:

Folka som jobbar i Eide Fjordbruk er ryggrada vår og heltane i historia om Eide Fjordbruk. Dei tilsette er opptekne av fisken, kvarandre og verdien av trygge arbeidsplassar. Me har mål om at det skal vere trygt å gå på jobb i Eide Fjordbruk og alle skal komme trygt heim.

Bakgrunn

Havbruk er eit yrke med mange risikofaktorar for både folk og fisk, og det er derfor ekstra viktig med HMS. HMS er viktig både for oss i Eide og våre tilsette, men og eit viktig tema for våre eksterne interessentar.

Tiltak

Ein trygg arbeidsplass betyr både at det skal vere trygt å gå på jobb og at ein skal kjenne seg trygg for at jobben også er der i morgon. I praksis betyr dette at me set sikkerheita til våre tilsette først, og at me investerer i kompetanse og utvikling slik at me kan oppretthalde høgkvalifiserte arbeidsplassar i distrikta og for neste generasjon.

Me har eit eige system for handtering av HMS-risiko og gjennomfører kontinuerleg risikovurderingar av operasjonar med omsyn til HMS og registrerer og følger opp avvik og hendingar.

Me har egne verneombod for kvar region som me har jamleg dialog og vernerundar saman med.


Våre tilsette har tilbod om fri årleg helsesjekk, utvida helseforsikring og tilbod om kiropraktor for å førebyggje belastningsskadar.

Me har tatt i bruk sikringsradioar tilkopla alarmsentral for alle våre tilsette og me følger i tillegg dei til ei kvar tid gjeldande krav til sikkerheitsutstyr på våre fartøy og anlegg.


Resultat

Me har i 2020 hatt to arbeidsuhell som har medført skade og sjukefråvær. Ingen av uhella har medført alvorleg og varig skade. Alle skadar og hendingar vert følgt opp og behandla i vårt HMS-styringssystem. Som følge av dei to arbeidsuhella har langtidssjukefråværet auka i 2020 samanlikna med 2019. Samtidig er korttidsfråværet redusert. Det totale sjukefråværet er om nivå med 2019.

Tal på arbeidsulykker med fråvær i 2020



Sjukefråvær



Trivsel, mangfold og likestilling

Ei godkjent læreverksemd med stort mangfald

Eide Fjordbruk er ein viktig arbeidsgivar i mange lokalsamfunn og ei godkjend læreverksemd. Me har til ei kvar tid fem til seks lærlingar blant dei tilsette. Verksemda har og eit tett samarbeid med Fusa Vidaregåande skule si akvakulturlinje om både lærlingar, TAF-lærlingar og utplassering av skuleelevar gjennom året. Me deltek og i Seafood Trainee-ordningar gjennom NCE Seafood Innovation Cluster der me er medlem.

Verksemda har stort mangfald på arbeidsplassen, med tilsette frå Sverige, Tyskland, Litauen, Malaysia, Polen og Syria i tillegg til norske tilsette. Dei tilsette er i all hovudsak busett i nærmiljøa der me driv verksemda vår.


Me har 51 tilsette, av desse er 34 fast tilsette. I tillegg har me 17 tilsette i midlertidig stilling. Dette er i hovudsak lærlingar og tilsette som har sommarjobb eller ringevikarar som hjelper oss med helgevakter og i samband med andre arbeidsoperasjonar.

«Det viktigaste er å ha det gøy»


Ein trygg arbeidsplass er òg ein arbeidsplass der ein trivst og føler seg sett og inkludert. For å oppnå dette trur me at det er viktig at me har det gøy saman, og nettopp viktigheita av å ha det gøy saman er noko me er opptekne av og som me måler årleg i vår medarbeidarundersøking (skala frå 1-5, der 5 er beste score).

Åtte av våre tilsette er kvinner og kvinneandelen i selskapet er på 16 % av totalt tilsette. Styrets leiar er kvinne. Gjennomsnittleg lønnsnivå for alle kvinner i bedrifta er på 93 % av lønnsnivået for alle menn (gjennomsnitt for alle stillingskategoriar). Hovudårsaka til forskjellen er at me har ein høg kvinneandel blant lærlingane våre.


Tal på lærlingar




Gøy-faktor



Kvinneandel



Lønnsforskjellar



Kjønn	Heiltid og deltid			Type tilsett		
	Heiltid	Deltid	Totalt	Fast tilsett	Midl.tilsett	Totalt
Kvinner	5	3	8	6	2	8
Menn	33	10	43	28	15	43
Totalt	38	13	51	34	17	51

Levande bygder

Lokale aktivitetar og tiltak er ein viktig del av samfunnet vårt. Alle bygdesamfunn er avhengige av gode møteplassar for å vera attraktive stader å bu og arbeide. Oppdrettsanlegga våre ligg stort sett ute i distrikta og me er avhengige av tilgang på høgt kvalifisert personell frå desse bygdene. Det får me berre til dersom desse folka trivst og har det kjekt her. Derfor er det særskilt viktig for oss å støtte ulike lag og foreiningar der me driv verksemda vår. Eide Fjordbruk er stolt sponsor av ei rekkje lokale foreiningar, gode initiativ og idrettslag i områda der me har vår aktivitet.

Ein viktig filosofi er òg å nytte lokalt næringsliv der det er mogeleg. Eide Fjordbruk handlar derfor bevisst det meste verksemda treng frå lokale og regionale aktørar. Me håpar og trur at det vil bidra til levande bygder i framtida òg.



Bergen Internasjonale Filmfestival	Bogøytunet Sandvolleyball
Eikanger Idrettslag	Eikanger-Bjørsvik Musikklag
Fjellhaugen skisenter	Fusa Hestesportlag
Fusa Karateklubb	Halsnøy Idrettslag
Hordaland Skiskyttarkrets	Hålandsdalen Idrettslag
JKA Norway	Kvinnherad Skyttarlag
Knarvikmila	Martin Femsteinevik
Manger Skulemusikklag	Marte Olsbu
Mundheim Ungdomslag	Rosendal Musikklag
Sleirsfjellet opp	Skjelbreid Poirée
Solund Barne- og Ungdomsskule	Strand-Ulv Hallen
Solund Skulemusikkorps	Strandvik Idrettslag
Strandebarm Idrettslag	Strandvik IL
Team Gladlaks	Trio IL
Tysse Skyttarlag	Vareld Skyttarlag
Vinnes Båtlag	

Ovanfor: Eide Fjordbruk og Eikanger –Bjørsvik Musikklag har inngått ein treårig sponsoravtale, der eit av måla er å lære av kvarandre og spele kvarandre gode. Nedanfor: Dagsenteret i Alversund på tur på fjorden i lag med våre tilsette i Osterfjorden. Foto: John Vint og Anne-Lise Nordpoll.



Anti-korrupsjon



I Eide har me nulltoleranse for korrupsjon og anna arbeidslivskriminalitet. Vår interessentanalyse viser at dette er eit tema som våre interessentar òg er opptekne av.

Me er ei lita og oversiktleg bedrift og fokuserer mest på å skape og bevare gode haldningar og relasjonar bygd på gjensidig tillit. Pålitelegheit er ein av våre fem kjerneverdier og me skal vere til å stole på. Me forventar det same frå våre leverandørar, kundar, samarbeidspartnarar og tilsette.

I tillegg til våre kjerneverdier har me implementert rutinar som skal redusere mogelegheitene for brot på våre verdier. Dette sikrar me mellom anna gjennom tett involvering frå eigar til røktar og god arbeidsdeling mellom merdane og kontoret, òg med vår eksterne regnskapsførar.

Gode ordningar og arbeidsvilkår for dei tilsette skal òg bidra til å redusere sjansen for at nokon skal trenge eller føle seg pressa til å bryte regelverket.

Me har ikkje avdekkja tilfelle av eller mistanke om korrupsjon i 2020.



Kunnskap og open dialog kring utfordringar

Salmon Eye

Debatten om havbruksnæringa sin påverknad på miljøet rundt anlegga og på villaks og andre artar, er stadig i mediebilete. I tillegg til den lokale påverknaden næringa vår har, vert den globale miljø- og klimadebatten, med fokus på både dramatiske endringar og berekraftig matproduksjon, òg stadig meir aktuell. Debatten er kompleks, den følger politiske skiljelinjer, er i nokre tilfelle prega av populisme, ideologiske og økonomiske preferansar og interesser. Faktabasert kunnskap brynast mot myter, syensing og feilinformasjon.

Eide Fjordbruk vil med sitt visningsanlegg i Rosendal bidra til faktabasert kunnskap, og sette lokale utfordringar, løysingar og innovasjonar i eit globalt perspektiv, med særleg fokus på dei miljømessige sidene av havbruket. Senteret skal vera fagleg uavhengig av Eide Fjordbruk og skal bidra til å styrke kunnskapen om akvakultur hjå publikum.

Frå kaien i Rosendal skal den besøkjande kunne gå ombord i ein fullelektrisk båt som fraktar ein lydlaust gjennom vatnet på den korte turen ut til Salmon Eye utanfor Snilstveitøy.

Salmon Eye skal med sin unike design vera eit ikon og samtidig by på ei spennande og lærerik oppleving for dei som besøkjer senteret. Salmon Eye skal være eit monument for berekraftig matproduksjon i sjø.

Her skal dei besøkjande både lære, delta aktivt og få anledning til å kome med sine idéar til korleis me saman kan gjere matproduksjon i sjø endå meir berekraftig.

Me planlegg opning av senteret i fyrste halvdel av 2022.

Kretsløpet

Eide Fjordbruk har saman med Dyreparken søkt om eit visningsløype i Agder. Me i Eide Fjordbruk er svært positive til konseptet og kva det kan bety for Norsk laks å få vise seg fram på ein slik arena. Me håper på positivt svar frå myndigheitene.


Eide og Dyreparken sin konseptidé går i korte trekk ut på å lage eit visningscenter med eit rikhaldig innhald, med lakseakvarium, komparativ og ekte kretsløpsinstallasjon som viser oppdrettslaksen og villaksens veg frå egg til vaksen størrelse. Videre vil det bli utstys- og designutstillingar som viser kor høgteknologisk havbruksnæringa i Norge er i dag. Det vil verte tilrettelagt for skreddarsydd visningsturar frå Visningscenteret til Visningslokaliteten. Både positive og utfordrande sider av oppdrettsnæringa skal belyst og omtalast på ein fagleg og balansert måte.

Ein av styrkane til Dyreparken er at parken har eit svært stort besøkstal, og når målgrupper som sjeldan eller aldri ser akvakulturanlegg. Me trur derfor det vil være viktig å kunne få vist fram den norske akvakulturnæringa på ein slik arena.





FJORD



Miljøstatus ved våre lokaliteter

Mål:

Me har mål om å ha miljøstatus «meget god» eller «mod» på alle våre lokaliteter innan 2022. I tillegg til dette har me ut ifrå eit føre-var prinsipp tatt ei avgjerd om å ikkje lenger nytte kopparimpregnering på nøtene våre, då koppar har ei lang nedbrytingstid og kan ha negativ påverknad på miljøet under anlegga

Bakgrunn

Akvakultur i opne merdar i sjø medfører utslepp av nærings salt og organisk materiale. Produksjonen blir tilpassa dei lokale forholda, slik at ein ikkje går over bereevna til den enkelte lokaliteten. På eit overordna nasjonalt nivå er miljøstatusen i fjordane generelt svært god, men overbelastning kan likevel være ei utfordring lokalt fleire stader, særleg i fjordsystem med låg utskifting av vatn.

Tiltak

Selskapet rettar seg etter alle reglar og påbod for handtering av fisk, fiskefôr og avfall og har internkontrollsystem som bidreg til å sikre dette. Selskapet er òg sertifisert etter Global GAP-standarden for akvakultur. Alle våre matfiskanlegg gjennomfører trendovervaking av miljøtilstanden på lokaliteten etter Norsk Standard 9410 (MOM-B). Undersøkingane overvaker botnforholda under og i nærleiken av akvakulturanlegga og målar påverknaden frå anlegget. Undersøkinga vert utført av et kompetent organ, som kan dokumentere fagleg kompetanse og som er uavhengig av oss.

Undersøkinga vert utført med ein grabb frå merdkanten og frå båt omkring anlegga og gjev ei kvalitativ beskriving av tilhøva til botnsedimenta med ein score frå «svært god» til «svært dårleg» (1-4), der tilstand 4 vert rekna som overbelastning.

Undersøkinga skal gjennomførast med faste frekvensar basert på resultatata frå førre måling og er risikobasert på den måten at dårleg tilstand fører til hyppigare undersøkingar. Enkelte lokaliteter har låg toleevne og får raskt nedsett status, medan andre har svært høg bereevne. I dei tilfella der miljøundersøkinga viser at status under anlegget ikkje er god er tid utan fisk som regel den beste medisinen.

Me har ut ifrå føre-var prinsippet mål om å ikkje nytte koppar-basert notimpregnering. Koppar er eit metall som har lang nedbrytingstid og som derfor kan ha negative konsekvensar for havbotnen under anlegga. Utan koppar-basert impregnering kjem det meir groe på nøtene som kan redusere vasskvaliteten i merdane. For å klare å nå målet har me sørga for å ha ekstra kapasitet til spyling av nøtene.

Eide deltek i tillegg i prosjektet Marin Overvåking i regi av Blue Planet som overvakar vasskvaliteten i fjordområdene i Hordaland. Føremålet er å sikre at oppdrettsaktivitet i regionen ikkje overgår områdenes bereevne. Prosjektet dokumenterer vasskvalitet, botnforhold og makroalgebiotop (tang og tare) gjennom året på ei rekke lokaliteter i regionen.

Resultat


I 2020 har me hatt drift på totalt elleve ulike lokaliteter. Av desse hadde åtte miljøstatus svært god, to hadde god og ein lokalitet hadde tilstand svært dårleg eller overbelasta etter siste undersøking. Dette er ei betring frå 2019. Det er ikkje nytta kopparimpregnering i 2020.

Lokaliteten med tilstand svært dårleg vil vere brakklagt til tilstanden er betra. Me har over lenger tid forsøkt å få tilgang til ein eller fleire nye lokaliteter og i fleire tilfella har me òg lånt ledige lokaliteter frå andre.


Me ser positivt på at desse tiltaka vil verke positivt og er optimistiske med tanke på å nå målet om 100 % god eller svært god innan 2022.

Selskapet er underlagt kontroll av miljøvernavdelinga hjå Fiskeridirektoratet og har i 2020 ikkje fått nokon pålegg i samband med denne kontrollen.


Brot på miljøregulativ



Mengd koppar nytta



Miljøstatus på våre lokaliteter (MOM-B)



Vill laksefisk og vår påverknad på den

Mål:

Me har ein nullvisjon for rømming av fisk frå våre anlegg og arbeider systematisk med førebygging og risikovurdering av utstyr og operasjonar. I tillegg arbeider me aktivt for å auka kunnskapsgrunnlaget om oppdrettsnæringa sin påverknad på villaksen.

Bakgrunn

Villaksen har vore her i Noreg sidan førre istid, og har sidan vore av stor betydning for oss menneske som har levd her. Atlantisk villaks er den einaste ville arten av laks i Europa, og om lag 1/3 av populasjonen er i Noreg.

Me er opptekne av å ta vare på villaksen og forsøker å ha minst mogeleg negativ påverknad. Det er mange faktorar som påverkar villaksen, men når det gjeld oppdrett er det i hovudsak rømming av oppdrettslaks og spreiring av lakselus frå oppdrettslaks til vill laksefisk, som er dei to viktigaste risikoane for påverknad.

Rømming av oppdrettsfisk er ei utfordring for næringa både grunna den negative påverknaden rømt fisk kan ha på villaks og gyteplassar, men òg grunna det negative økonomiske tapet for verksemda knytt til rømt fisk.

Tiltak

Me arbeider systematisk med risikovurdering av operasjonar, opplæring og preventivt vedlikehald og ettersyn av utstyret vårt for å førebygge rømming. Alle våre anlegg følger gjeldande tekniske standardar.


Eide Fjordbruk er med på ei rekke ulike overvåkingsprogram for villaks og sjøaure for å bidra til å auka kunnskapsgrunnlaget om påverknaden frå oppdrett på villaks.

Me har og beredskapsplanar for å minimere skadane av rømming dersom det oppstår. Då har me beredskapslager av gjenfangstnøter og avtalar med lokale fiskarar som skal syte for at me klarar å gjenfange så mange fiskar som mogeleg. Me er og medlem av oppdrettsnæringa si samanslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk. Samanslutninga skal bidra til å redusere risikoen for genetisk påverknad frå akvakultur på ville bestander av laksefisk ved å gjennomføre tiltak i elver der innslaget av rømt fisk er uakseptabelt høgt. Det skal vurderast tiltak der innslaget er meir enn 4% og det skal gjennomførast tiltak der innslaget er meir enn 10%.


Resultat

Eide Fjordbruk har hatt null hendingar som har medført rømming av fisk dei siste fem åra.

Tal på rømmingshendingar



Tal på rømte fisk



Salmon Tracking 2030

Oppdrettarane i produksjonsområde 3 og 4 har gått saman om å opprette ein kunnskapsinnkubator for å auka kunnskapen om bestandsutvikling, vandringsmønster og prematur tilbakevandring av laks og sjøaure i vår region.

SalmonTracking observerer vandringsmønster og bestandsutvikling til vill laks og sjøaure gjennom bruk av mellom anna kamera, datachip og radiomerking, antenner i vassdrag og registreringsbøyer i fjord- og kystmiljø. SalmonTracking registrerer bestandsutviklinga og overvaker vandringsmønster i 10 elver i regionen, og registrerer prematur tilbakevandring i 40 elver. Både villaks og sjøaure vert overvaka. Dei involverte elvene er mellom anna Eio, Granvin, Mundheim, Dragsvik, Ømvikedal, Uskedal, Os, Lærdal, Yttredal, Ervik, Eid, Stryn, Gaula og Nausta.

Eg er ein veldig stolt tredje generasjon matprodusent i sjø. Eg er utruleg stolt av kva me gjer og maten næringa vår lagar. Men det er mange som er usikker på vår næring og har mange spørsmål til korleis me driv, korleis me behandlar fisken og naturen. Det er veldig bra og sunt. Men da er veldig viktig at me som matprodusentar fortel om korleis me driv, kvar me kjem frå og kva me tenkjer om framtida. Sjølv om kundane våre er globale treng me lokal støtte i Noreg. Våre fortrinn er enorme og om me nyttar dei rett vil me vera leiande innan havbruk inn i framtida. Men då må me fortelja det me veit til alle og ikkje berre til oss sjølv. Eide vil derfor opna visningssenteret Salmon Eye i fyrste halvdel av 2022. Senteret skal vera eit monument for berekraftig matproduksjon i sjø og gje kunnskap om avtrykket til laksefisken samt inspirera til innovasjon og samarbeid.

Det skal vere uavhengig av Eide Fjordbruk, og bidra til at både dei utfordringane næringa må løyse setjast på dagsorden, samstundes som moglegheitene og innovasjonskrafta løftast fram.


Me er offansive i Eide. Me veit framtida skapast med hardt arbeid, innovasjon og optimisme. Eg seier som pappen, me gjer oss ikkje, me går til me dauer.

Sondre Eide,
Tredje generasjon lakseoppdretter





FISK



Fokus på fiskehelse og -velferd

Mål:

Me vil at fisken vår skal vekse og ha det bra. To av dei største utfordringane innanfor fiskehelse i dag er for høg dødelegheit og redusert fiskevelferd knytt til mekaniske behandlingar mot lakselus. Me har satt oss mål om å ha under 5 % dødelegheit frå utsett i sjø.

Bakgrunn

Overgang til ikkje-medikamentelle lusebehandlingar er bra for miljøet, men baksida er at det har ført til auka dødelegheit og utfordringar med fiskevelferd dei seinaste åra.

Tiltak

Me arbeidar systematisk og grundig med å sikre god fiskevelferd og å redusere dødelegheita, gjennom alt frå val av genetik, vaksiner og fôr til å redusere talet på avlusingar og å forbetre sjølve avlusingsoperasjonane. Den daude fisken blir undersøkt og kategorisert, og utviklinga blir følgt tett over tid. Hendingar som fører til unormalt høg dødelegheit, vert rapportert til Mattilsynet.

I tillegg til lusebehandling er laksesjukdommen pankreassjukdom («PD») ein viktig bidragsytar til høg dødelegheit. Her har me nytta nye og meir effektive vaksiner frå og med 2019 for å betre fiskehelsa og auke slaktekvalitet ved eventuell sjukdom.

Eide investerer òg i storskala datafangst gjennom ei rekke sensorar i merdane som kontinuerleg loggar miljøforholda til fisken, mellom anna salinitet, oksygenverdiar og straum for å kunne lære og sjå nye samanhengar som skal hjelpe oss å forbetre oss.

For å snu utviklinga og redusere dødelegheita har me mellom anna fått på plass to beredskapsfartøy for å hjelpe oss og slakte svak fisk som elles kunne døydd. Me har i 2020 òg fått tilsett vår eigen veterinær, Britt Kari. Dette er ei viktig tilsetning for oss for å auka fokuset på fiskevelferd og fiskehelse. Britt Kari hjelper oss med å arbeide målretta med auka biosikkerheit og reiser rundt og hjelper til og inspiserer.

Resultat

Tiltaka som er gjennomført har gjeve ei betydeleg reduksjon i dødelegheit samanlikna med nivåa i 2017-2019.


Etter vår vurdering er hovudårsaka til nedgangen kontinuerleg fokus på biosikkerheit og dødelegheit frå alle dei tilsette, frå leiing til røktar. I tillegg har bruk av beredskapsfartøy og ei reduksjon i tal på lakselusbehandlingar vore viktige.

Til tross for reduksjonen gjer høg dødelegheit på enkeltlokalitetar at me endå ikkje er i mål og me vil vidareføre tiltak og fokus i 2021 for å komme endå lågare.



Foto: Veterinæren vår Britt Kari på inspeksjon

Utvikling døde



Handtering av lakselus

Mål:

Me skal handtere lusa gjennom førebygging der det er mogeleg og minimera bruk av medikament til behandling mot lus. Me har mål om å ha under 0,1 kjønnsmodne holus per fisk på alle våre lokalitetar i perioden når villaksen og sjøauren vandrar ut. Alle lokalitetar skal telle og rapportere lusetal kvar veke.

Bakgrunn


Lakselus er ein parasitt som finst naturleg i havet og som berre lever på laksefisk. Sidan det er mange oppdrettsfisk sett i samband med tal på villaks vil det føre til eit smittepress på villaksen om me har mykje lus i merdane våre. Derfor er det satt strenge grenser til maks tal på lus per fisk. Sidan det er få lus per fisk tek normalt ikkje oppdrettslaksen skade av dette, men behandlinga for å halde lusemengda nede kan føre til stress og skade på laksen.

Tiltak

Me forsøker å handtere lusa gjennom førebygging så langt det let seg gjere. Dette er både betre for fisken, miljøet og økonomien. Me nyttar ein kombinasjon av genetikkk, fôr, større smolt, luseskjørt og tubenøter for å førebyggje lusepåslag. Når førebygging åleine ikkje er tilstrekkeleg nyttar me reinsefisk. Dersom heller ikkje reinsefisk er tilstrekkeleg nyttar me ikkje-medikamentell behandling, for eksempel med termisk behandling. Bruk av medikament er saman med tidleg utslakting dei to siste verkemidla me har.

Eide Fjordbruk har dei seinare åra investert stort i førebygging i form av tubenøter og luseskjørt. Me er og i gong med bygging av eit RAS-anlegg for produksjon av stor smolt gjennom det tilknytte selskapet Ænes Inkubator AS. Gjennom det tilknytte selskapet Miljø og Havbruk AS, disponerer Eide Fjordbruk avlusingsfartøyet «Seisund» med fire linjer for termisk behandling. Seisund har vore i drift sidan hausten 2017 og kan behandle heile 450 tonn fisk per time. Båten er ein viktig beredskap for å kunne handtere lakselusa når førebygging ikkje er tilstrekkeleg.


Vår strategi for handtering av lus




Resultat

Til tross for auka fokus på førebygging har behovet for ikkje-medikamentelle behandlingar auka i takt med at dei tillatne lusegrensene og medisinbruken er redusert. 2020 er første året me har klart å redusere bruken. I 2020 har me heller ikkje nytta rognkjeks, men me har oppretthaldt bruken av leppefisk. I Eide Fjordbruk har me ikkje gjennomført medikamentell badebehandling mot lus sidan 2016, men me har måtta nytta medikamentell lusebehandling tilsett gjennom føret til fisken i enkelte tilfelle.


Unntaksregel for vekst*




Telling av lus



Ikkje medikamentelle behandlingar



Bruk av rensfisk



* Andel av våre lokalitetar som oppfyller kriteria for berekraftig vekst uavhengig av trafikkløst i regionen. Endelege vedtak om tilbod om vekst føreligg ikkje p.t., men andelen er berekna ut ifrå vårt beste estimat over kva lokalitetar me meiner oppfyller kriteria.

Bruk av medisinar og kjemikalier

Mål:

Ut ifrå ei føre var haldning ønsker me å minimere bruken av medisinar og kjemikalier og har mål om å ikkje nytte meir enn ei medikamentell behandling mot lus per produksjonssyklus. Me har og mål om å ikkje bruke kopparimpregnerte nøter eller bruke antibiotika til fisken vår.

Bakgrunn

I oppdrettsbransjen nyttar me ulike kjemikalier mellom anna til ensilering av dødfisk, bedøving av fisk i forbindelse med vaksiner og lusetelling og vaske- og desinfeksjonsmiddel. I tillegg nyttar me i enkelte tilfelle medisinar som behandling mot sjukdom eller mot lus.

God og ansvarleg handtering av medisinar og kjemikalier er viktig både av omsyn til våre tilsette, fisken vår og miljøet rundt oss. Dette er òg eit område som er viktig for våre interessentar.

Tiltak

Me risikovurderer alle kjemikalie og medisinar som er i bruk og set inn tiltak for å redusere risikoen for utslipp til miljø eller skade for folk eller fisk. Me har òg eit eige system for handtering av slike stoff som skal sikre at alle som nyttar dei har fått tilstrekkeleg opplæring, har riktig verneutstyr og tilgang på produktdatablad. Bruk av medisinar skjer berre på bakgrunn av resept utskrive av veterinær eller fiskehelsebiolog.

Me har ut ifrå føre var prinsippet mål om å ikkje nytte kobbarbasert notimpregnering. Kobbar er eit metall som har lang nedbrytingstid og som derfor kan ha negative konsekvensar for havbotnen under anlegga. For å klare å nå målet har me sørga for å ha ekstra kapasitet til spyling av nøtene.

For å redusere bruken av medisinar til bruk mot lus nyttar me førebyggjande tiltak og ikkje-medikamentell behandling så langt det let seg gjere.


Resultat

Medisinbruken er kraftig redusert frå 2015 til 2020. Sidan 2016 har det ikkje vore gjennomført badebehandling mot lus og bruk av medisin tilsett gjennom føret er òg kraftig redusert.


Målet om maks ei medikamentell behandling per produksjonssyklus var nådd i 2020.

Det er ikkje nytta antibiotika i 2020.


Mengde medikamentelle produkter



Antibiotika



Tal på medikamentelle behandlingar per syklus



Tradisjon for kvalitet

Me har produsert kvalitetsfisk sidan 1970. Årleg produserer me over 60 millionar laksemiddagar. Samspel mellom eigarskap, ansvar og drift har alltid vore viktig for Eide og dette er grunnlaget for nærleiken bedrifta har til produktet sitt og lokalsamfunnet rundt.

Me vil vera med på å forma morgondagens havbruk på ein best mogleg måte, slik at komande generasjonar både kan hausta og eta sunn kvalitetslaks frå Eide.

Laksen og auren vår får òg det aller beste fôret, med ein høg del marine råvarer, til det beste for både fisken og forbrukaren då dette sikrar at fisken er full av dei sunne omega-3 fetttsyrene som både me og laksen treng.

Me har òg vald å ta kostnaden ved å berre kjøpe fôr der fiskeolja er reinsa for dioksinar og dioksinliknande PCB-ar. Dette for å sikre at fisken vår inneheld mest mogeleg av det sunne, og minst mogeleg anna. I 2020 tok me òg valet om å ikkje lenger nytta soya frå Brasil i vårt fôr. Det gjer me både for å være 100% sikre på at me ikkje indirekte bidreg til avskoging av regnskog, òg for å redusere karbonavtrykket på fisken me produserer.

All fisken me produserer er Global GAP sertifisert, noko som mellom anna inneber strenge krav til sporing og mattryggleik. Eide Fjordbruk er òg sertifisert som karbonnøytral bedrift. Kvardagen vår er eit kontinuerleg arbeid for betre kvalitet. Det handlar om å ha fagleg flinke og lokalt forankra tilsette som alle har same mål: Å produsera laksefisk av høgaste kvalitet.





FOLK



Lærlingar

Sjukefråvær
(%)

Arbeidsrett
med 100%

51

6

72

2



Ein trygg plass å arbeide

Mål:

Folka som jobbar i Eide Fjordbruk er ryggrada vår og heltane i historia om Eide Fjordbruk. Dei tilsette er opptekne av fisken, kvarandre og verdien av trygge arbeidsplassar. Me har mål om at det skal vere trygt å gå på jobb i Eide Fjordbruk og alle skal komme trygt heim.

Bakgrunn

Havbruk er eit yrke med mange risikofaktorar for både folk og fisk, og det er derfor ekstra viktig med HMS. HMS er viktig både for oss i Eide og våre tilsette, men og eit viktig tema for våre eksterne interessentar.

Tiltak

Ein trygg arbeidsplass betyr både at det skal vere trygt å gå på jobb og at ein skal kjenne seg trygg for at jobben også er der i morgon. I praksis betyr dette at me set sikkerheita til våre tilsette først, og at me investerer i kompetanse og utvikling slik at me kan oppretthalde høgkvalifiserte arbeidsplassar i distrikta og for neste generasjon.

Me har eit eige system for handtering av HMS-risiko og gjennomfører kontinuerleg risikovurderingar av operasjonar med omsyn til HMS og registrerer og følger opp avvik og hendingar.

Me har egne verneombod for kvar region som me har jamleg dialog og vernerundar saman med.


Våre tilsette har tilbod om fri årleg helsesjekk, utvida helseforsikring og tilbod om kiropraktor for å førebyggje belastningsskadar.

Me har tatt i bruk sikringsradioar tilkopla alarmsentral for alle våre tilsette og me følger i tillegg dei til ei kvar tid gjeldande krav til sikkerheitsutstyr på våre fartøy og anlegg.


Resultat

Me har i 2020 hatt to arbeidsuhell som har medført skade og sjukefråvær. Ingen av uhella har medført alvorleg og varig skade. Alle skadar og hendingar vert følgt opp og behandla i vårt HMS-styringssystem. Som følge av dei to arbeidsuhella har langtidssjukefråværet auka i 2020 samanlikna med 2019. Samtidig er korttidsfråværet redusert. Det totale sjukefråværet er om nivå med 2019.

Tal på arbeidsulykker med fråvær i 2020



Sjukefråvær



Trivsel, mangfold og likestilling

Ei godkjent læreverksemd med stort mangfald

Eide Fjordbruk er ein viktig arbeidsgivar i mange lokalsamfunn og ei godkjend læreverksemd. Me har til ei kvar tid fem til seks lærlingar blant dei tilsette. Verksemda har og eit tett samarbeid med Fusa Vidaregåande skule si akvakulturlinje om både lærlingar, TAF-lærlingar og utplassering av skuleelevar gjennom året. Me deltek og i Seafood Trainee-ordningar gjennom NCE Seafood Innovation Cluster der me er medlem.

Verksemda har stort mangfald på arbeidsplassen, med tilsette frå Sverige, Tyskland, Litauen, Malaysia, Polen og Syria i tillegg til norske tilsette. Dei tilsette er i all hovudsak busett i nærmiljøa der me driv verksemda vår.


Me har 51 tilsette, av desse er 34 fast tilsette. I tillegg har me 17 tilsette i midlertidig stilling. Dette er i hovudsak lærlingar og tilsette som har sommarjobb eller ringevikarar som hjelper oss med helgevakter og i samband med andre arbeidsoperasjonar.

«Det viktigaste er å ha det gøy»


Ein trygg arbeidsplass er òg ein arbeidsplass der ein trivst og føler seg sett og inkludert. For å oppnå dette trur me at det er viktig at me har det gøy saman, og nettopp viktigheita av å ha det gøy saman er noko me er opptekne av og som me måler årleg i vår medarbeidarundersøking (skala frå 1-5, der 5 er beste score).

Åtte av våre tilsette er kvinner og kvinneandelen i selskapet er på 16 % av totalt tilsette. Styrets leiar er kvinne. Gjennomsnittleg lønnsnivå for alle kvinner i bedrifta er på 93 % av lønnsnivået for alle menn (gjennomsnitt for alle stillingskategoriar). Hovudårsaka til forskjellen er at me har ein høg kvinneandel blant lærlingane våre.


Tal på lærlingar




Gøy-faktor



Kvinneandel



Lønnsforskjellar



Kjønn	Heiltid og deltid			Type tilsett		
	Heiltid	Deltid	Totalt	Fast tilsett	Midl.tilsett	Totalt
Kvinner	5	3	8	6	2	8
Menn	33	10	43	28	15	43
Totalt	38	13	51	34	17	51

Levande bygder

Lokale aktivitetar og tiltak er ein viktig del av samfunnet vårt. Alle bygdesamfunn er avhengige av gode møteplassar for å vera attraktive stader å bu og arbeide. Oppdrettsanlegga våre ligg stort sett ute i distrikta og me er avhengige av tilgang på høgt kvalifisert personell frå desse bygdene. Det får me berre til dersom desse folka trivst og har det kjekt her. Derfor er det særst viktig for oss å støtte ulike lag og foreiningar der me driv verksemda vår. Eide Fjordbruk er stolt sponsor av ei rekkje lokale foreiningar, gode initiativ og idrettslag i områda der me har vår aktivitet.

Ein viktig filosofi er òg å nytte lokalt næringsliv der det er mogeleg. Eide Fjordbruk handlar derfor bevisst det meste verksemda treng frå lokale og regionale aktørar. Me håpar og trur at det vil bidra til levande bygder i framtida òg.



Bergen Internasjonale Filmfestival	Bogøytunet Sandvolleyball
Eikanger Idrettslag	Eikanger-Bjørsvik Musikklag
Fjellhaugen skisenter	Fusa Hestesportlag
Fusa Karateklubb	Halsnøy Idrettslag
Hordaland Skiskyttarkrets	Hålandsdalen Idrettslag
JKA Norway	Kvinnherad Skyttarlag
Knarvikmila	Martin Femsteinevik
Manger Skulemusikklag	Marte Olsbu
Mundheim Ungdomslag	Rosendal Musikklag
Sleirsfjellet opp	Skjelbreid Poirée
Solund Barne- og Ungdomsskule	Strand-Ulv Hallen
Solund Skulemusikkorps	Strandvik Idrettslag
Strandebarm Idrettslag	Strandvik IL
Team Gladlaks	Trio IL
Tysse Skyttarlag	Vareld Skyttarlag
Vinnes Båtlag	

Ovanfor: Eide Fjordbruk og Eikanger –Bjørsvik Musikklag har inngått ein treårig sponsoravtale, der eit av måla er å lære av kvarandre og spele kvarandre gode. Nedanfor: Dagsenteret i Alversund på tur på fjorden i lag med våre tilsette i Osterfjorden. Foto: John Vint og Anne-Lise Nordpoll.



Anti-korrupsjon



I Eide har me nulltoleranse for korrupsjon og anna arbeidslivskriminalitet. Vår interessentanalyse viser at dette er eit tema som våre interessentar òg er opptekne av.

Me er ei lita og oversiktleg bedrift og fokuserer mest på å skape og bevare gode haldningar og relasjonar bygd på gjensidig tillit. Pålitelegheit er ein av våre fem kjerneverdier og me skal vere til å stole på. Me forventar det same frå våre leverandørar, kundar, samarbeidspartnarar og tilsette.

I tillegg til våre kjerneverdier har me implementert rutinar som skal redusere mogelegheitene for brot på våre verdier. Dette sikrar me mellom anna gjennom tett involvering frå eigar til røktar og god arbeidsdeling mellom merdane og kontoret, òg med vår eksterne regnskapsførar.

Gode ordningar og arbeidsvilkår for dei tilsette skal òg bidra til å redusere sjansen for at nokon skal trenge eller føle seg pressa til å bryte regelverket.

Me har ikkje avdekkja tilfelle av eller mistanke om korrupsjon i 2020.



Kunnskap og open dialog kring utfordringar

Salmon Eye

Debatten om havbruksnæringa sin påverknad på miljøet rundt anlegga og på villaks og andre artar, er stadig i mediebilete. I tillegg til den lokale påverknaden næringa vår har, vert den globale miljø- og klimadebatten, med fokus på både dramatiske endringar og berekraftig matproduksjon, òg stadig meir aktuell. Debatten er kompleks, den følger politiske skiljelinjer, er i nokre tilfelle prega av populisme, ideologiske og økonomiske preferansar og interesser. Faktabasert kunnskap brynast mot myter, syensing og feilinformasjon.

Eide Fjordbruk vil med sitt visningsanlegg i Rosendal bidra til faktabasert kunnskap, og sette lokale utfordringar, løysingar og innovasjonar i eit globalt perspektiv, med særleg fokus på dei miljømessige sidene av havbruket. Senteret skal vera fagleg uavhengig av Eide Fjordbruk og skal bidra til å styrke kunnskapen om akvakultur hjå publikum.

Frå kaien i Rosendal skal den besøkjande kunne gå ombord i ein fullelektrisk båt som fraktar ein lydlaust gjennom vatnet på den korte turen ut til Salmon Eye utanfor Snilstveitøy.

Salmon Eye skal med sin unike design vera eit ikon og samtidig by på ei spennande og lærerik oppleving for dei som besøkjer senteret. Salmon Eye skal være eit monument for berekraftig matproduksjon i sjø.

Her skal dei besøkjande både lære, delta aktivt og få anledning til å kome med sine idéar til korleis me saman kan gjere matproduksjon i sjø endå meir berekraftig.

Me planlegg opning av senteret i fyrste halvdel av 2022.

Kretsløpet

Eide Fjordbruk har saman med Dyreparken søkt om eit visningsløype i Agder. Me i Eide Fjordbruk er svært positive til konseptet og kva det kan bety for Norsk laks å få vise seg fram på ein slik arena. Me håper på positivt svar frå myndigheitene.


Eide og Dyreparken sin konseptidé går i korte trekk ut på å lage eit visningscenter med eit rikhaldig innhald, med lakseakvarium, komparativ og ekte kretsløpsinstallasjon som viser oppdrettslaksen og villaksens veg frå egg til vaksen størrelse. Videre vil det bli utstys- og designutstillingar som viser kor høgteknologisk havbruksnæringa i Norge er i dag. Det vil verte tilrettelagt for skreddarsydd visningsturar frå Visningscenteret til Visningslokaliteten. Både positive og utfordrande sider av oppdrettsnæringa skal belyst og omtalast på ein fagleg og balansert måte.

Ein av styrkane til Dyreparken er at parken har eit svært stort besøkstal, og når målgrupper som sjeldan eller aldri ser akvakulturanlegg. Me trur derfor det vil være viktig å kunne få vist fram den norske akvakulturnæringa på ein slik arena.





FJORD



Miljøstatus ved våre lokaliteter

Mål:

Me har mål om å ha miljøstatus «meget god» eller «mod» på alle våre lokaliteter innan 2022. I tillegg til dette har me ut ifrå eit føre-var prinsipp tatt ei avgjerd om å ikkje lenger nytte kopparimpregnering på nøtene våre, då koppar har ei lang nedbrytingstid og kan ha negativ påverknad på miljøet under anlegga

Bakgrunn

Akvakultur i opne merdar i sjø medfører utslepp av nærings salt og organisk materiale. Produksjonen blir tilpassa dei lokale forholda, slik at ein ikkje går over bereevna til den enkelte lokaliteten. På eit overordna nasjonalt nivå er miljøstatusen i fjordane generelt svært god, men overbelastning kan likevel være ei utfordring lokalt fleire stader, særleg i fjordsystem med låg utskifting av vatn.

Tiltak

Selskapet rettar seg etter alle reglar og påbod for handtering av fisk, fiskefôr og avfall og har internkontrollsystem som bidreg til å sikre dette. Selskapet er òg sertifisert etter Global GAP-standard for akvakultur. Alle våre matfiskanlegg gjennomfører trendovervaking av miljøtilstanden på lokaliteten etter Norsk Standard 9410 (MOM-B). Undersøkingane overvaker botnforholda under og i nærleiken av akvakulturanlegga og målar påverknaden frå anlegget. Undersøkinga vert utført av et kompetent organ, som kan dokumentere fagleg kompetanse og som er uavhengig av oss.

Undersøkinga vert utført med ein grabb frå merdkanten og frå båt omkring anlegga og gjev ei kvalitativ beskriving av tilhøva til botnsedimenta med ein score frå «svært god» til «svært dårleg» (1-4), der tilstand 4 vert rekna som overbelastning.

Undersøkinga skal gjennomførast med faste frekvensar basert på resultatata frå førre måling og er risikobasert på den måten at dårleg tilstand fører til hyppigare undersøkingar. Enkelte lokaliteter har låg toleevne og får raskt nedsett status, medan andre har svært høg bereevne. I dei tilfella der miljøundersøkinga viser at status under anlegget ikkje er god er tid utan fisk som regel den beste medisinen.

Me har ut ifrå føre-var prinsippet mål om å ikkje nytte koppar-basert notimpregnering. Koppar er eit metall som har lang nedbrytingstid og som derfor kan ha negative konsekvensar for havbotnen under anlegga. Utan koppar-basert impregnering kjem det meir groe på nøtene som kan redusere vasskvaliteten i merdane. For å klare å nå målet har me sørga for å ha ekstra kapasitet til spyling av nøtene.

Eide deltek i tillegg i prosjektet Marin Overvåking i regi av Blue Planet som overvakar vasskvaliteten i fjordområdene i Hordaland. Føremålet er å sikre at oppdrettsaktivitet i regionen ikkje overgår områdenes bereevne. Prosjektet dokumenterer vasskvalitet, botnforhold og makroalgebiotop (tang og tare) gjennom året på ei rekke lokaliteter i regionen.

Resultat


I 2020 har me hatt drift på totalt elleve ulike lokaliteter. Av desse hadde åtte miljøstatus svært god, to hadde god og ein lokalitet hadde tilstand svært dårleg eller overbelasta etter siste undersøking. Dette er ei betring frå 2019. Det er ikkje nytta kopparimpregnering i 2020.

Lokaliteten med tilstand svært dårleg vil vere brakklagt til tilstanden er betra. Me har over lenger tid forsøkt å få tilgang til ein eller fleire nye lokaliteter og i fleire tilfella har me òg lånt ledige lokaliteter frå andre.


Me ser positivt på at desse tiltaka vil verke positivt og er optimistiske med tanke på å nå målet om 100 % god eller svært god innan 2022.

Selskapet er underlagt kontroll av miljøvernavdelinga hjå Fiskeridirektoratet og har i 2020 ikkje fått nokon pålegg i samband med denne kontrollen.


Brot på miljøregulativ



Mengd koppar nytta



Miljøstatus på våre lokaliteter (MOM-B)



Vill laksefisk og vår påverknad på den

Mål:

Me har ein nullvisjon for rømming av fisk frå våre anlegg og arbeider systematisk med førebygging og risikovurdering av utstyr og operasjonar. I tillegg arbeider me aktivt for å auka kunnskapsgrunnlaget om oppdrettsnæringa sin påverknad på villaksen.

Bakgrunn

Villaksen har vore her i Noreg sidan førre istid, og har sidan vore av stor betydning for oss menneske som har levd her. Atlantisk villaks er den einaste ville arten av laks i Europa, og om lag 1/3 av populasjonen er i Noreg.

Me er opptekne av å ta vare på villaksen og forsøker å ha minst mogeleg negativ påverknad. Det er mange faktorar som påverkar villaksen, men når det gjeld oppdrett er det i hovudsak rømming av oppdrettslaks og spreiring av lakselus frå oppdrettslaks til vill laksefisk, som er dei to viktigaste risikoane for påverknad.

Rømming av oppdrettsfisk er ei utfordring for næringa både grunna den negative påverknaden rømt fisk kan ha på villaks og gyteplassar, men òg grunna det negative økonomiske tapet for verksemda knytt til rømt fisk.

Tiltak

Me arbeider systematisk med risikovurdering av operasjonar, opplæring og preventivt vedlikehald og ettersyn av utstyret vårt for å førebygge rømming. Alle våre anlegg følger gjeldande tekniske standardar.


Eide Fjordbruk er med på ei rekke ulike overvåkingsprogram for villaks og sjøaure for å bidra til å auka kunnskapsgrunnlaget om påverknaden frå oppdrett på villaks.

Me har og beredskapsplanar for å minimere skadane av rømming dersom det oppstår. Då har me beredskapslager av gjenfangstnøter og avtalar med lokale fiskarar som skal syte for at me klarar å gjenfange så mange fiskar som mogeleg. Me er og medlem av oppdrettsnæringa si samanslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk. Samanslutninga skal bidra til å redusere risikoen for genetisk påverknad frå akvakultur på ville bestander av laksefisk ved å gjennomføre tiltak i elver der innslaget av rømt fisk er uakseptabelt høgt. Det skal vurderast tiltak der innslaget er meir enn 4% og det skal gjennomførast tiltak der innslaget er meir enn 10%.


Resultat

Eide Fjordbruk har hatt null hendingar som har medført rømming av fisk dei siste fem åra.

Tal på rømmingshendingar



Tal på rømte fisk



Salmon Tracking 2030

Oppdrettarane i produksjonsområde 3 og 4 har gått saman om å opprette ein kunnskapsinnkubator for å auka kunnskapen om bestandsutvikling, vandringsmønster og prematur tilbakevandring av laks og sjøaure i vår region.

SalmonTracking observerer vandringsmønster og bestandsutvikling til vill laks og sjøaure gjennom bruk av mellom anna kamera, datachip og radiomerking, antenner i vassdrag og registreringsbøyer i fjord- og kystmiljø. SalmonTracking registrerer bestandsutviklinga og overvaker vandringsmønster i 10 elver i regionen, og registrerer prematur tilbakevandring i 40 elver. Både villaks og sjøaure vert overvaka. Dei involverte elvene er mellom anna Eio, Granvin, Mundheim, Dragsvik, Ømvikedal, Uskedal, Os, Lærdal, Yttredal, Ervik, Eid, Stryn, Gaula og Nausta.

Arbeidet i SalmonTracking er organisert gjennom ei Styringsgruppe samansett av representantar frå næringa og akademía og ei eiga forskargruppe. I prosjektet deltek mellom anna UiB, UiS, UiT, NTNU, NMBU, Akvaplan Niva, Rådgivende Biologer, Inaq og Skandinavisk Naturovervåking.

Salmon Tracking har ei samla kostnadsramme på 150 millionar kroner fram mot 2030, men har allereie bidratt med mykje ny kunnskap om villaksen. Me tykkjer det er inspirerende å sjå kva me kan få til med ny teknologi og samarbeid på tvers av både næringsaktørar og akademía. Du kan lese meir om prosjektet på www.salmontracking.no



Trafikklyssystemet for berekraftig vekst

Mål:

Vekst i oppdrettsnæringa vert i dag styrt etter eit trafikklyssystem der lakselus hjå oppdrettslaks sin påverknad på villaksen er einaste indikator for berekraft. Me har mål om å oppfylle dei strenge vilkåra for «grønt lys» på alle våre lokalitetar uavhengig av området sin trafikklysstatus.

Bakgrunn

Oppdrett av laks og aure medfører spreiring av lakselus. Store mengder lakselus kan ha negativ innverknad på villaks og sjøaure. Trafikklyssystemet skal fungere som indikator for om påverknaden frå lakselus i oppdrettsanlegg på villfisk er akseptabel eller ikkje.

Tiltak

Eide Fjordbruk arbeider målretta for å halde lusemengda på eit lågt nivå gjennom ein kombinasjon av ei rekke tiltak (sjå eigen seksjon om handtering av lakselus for detaljar). Alt frå investering i større smolt og luseskjørt som førebyggjande tiltak, til bruk av reinsefisk, ikkje-medikamentell og medikamentell behandling.

Ei utfordringa er at alle dagens metodar har sine bakdelar. Dei medikamentelle gjev resistens, medan dei ikkje-medikamentelle kan medføre stress og skade for fisken. Reinsefisk er naturens eigen avlusar, men det er vanskeleg å gje reinsefisken gode tilhøve i merden.


Me har derfor tru på at samarbeid, ny teknologi og store datamengder er ein viktig del av løysinga. Me testar derfor aktivt ut ei rekke nye produkt og løysingar som skal hjelpe mot lus og deltek aktivt i fleire store samarbeids- og forskningsprosjekt retta mot å få betre kunnskap om, og kontroll på lakselusa.

Resultat

Me driv i to produksjonsområde, der eit område (PO₃) har fått gult lys (moderat, akseptabel påverknad) og eit område (PO₄) har fått raudt lys (for høg påverknad). Samtidig oppfylte me dei strenge kriteria for berekraftig vekst uavhengig av tilstanden i området på to av våre lokalitetar i førre runde (2018) og ligg an til å nå kriteria for alle våre lokalitetar i 2020 (ikkje vedtatt endå). Dette er me svært godt nøgde med.

Det gjennomsnittlege nivået på vaksne holus på våre lokalitetar har i 2020 vore lågt, og lågare enn i dei føregåande åra. Dette skuldast truleg ein kombinasjon av betre førebygging og hyppigare behandling med ikkje-medikamentelle metodar.

Gj.snittleg antall vaksne holus



Avfall – ressursar på avveie

Mål:


Me skal unngå at ressursar kjem på avvege gjennom å sørge for å ikkje bruke meir enn me må, og gjenbruka der me kan. I tillegg skal me arbeide for å kjempe mot utfordringa med plast i havet og bidra til å halde strendene reine.

Bakgrunn

Det er i dag ei stor global utfordring at menneska brukar meir ressursar enn det me har tilgjengeleg på sikt. Større grad av sirkulærøkonomi er derfor naudsynt.

Tiltak

- All død fisk vert ensilert og levert for bruk til anten pelsdyrfôr eller til biogass.
- Alt av avskjer frå slakteria vert til biprodukt som vert nytta anten til humant konsum eller til fôrproduksjon.
- Me har gode rutinar for reparasjon og vedlikehald for å forlenge levetida på utstyr. Utstyr som nøter og merdar vert returnert og resirkulert etter avslutta levetid.
- Fôrslangane me nyttar er laga av resirkulert plast og me har inngått miljøsertifikatavtale med vår leverandør av fôrslangar om retur av brukte slangar. Slangane våre er laga av antistatisk materiale som skal redusere utslipp av mikroplast frå innvendig slitasje av slangane.
- Me støttar organisasjonar som arbeider for å kjempe mot plast i havet og deltek på strandryddeaksjonar med utstyr og personell.
- Alt avfall vart handtert i tråd med gjeldande lover og forskrifter for avfallshandtering.



Laksen som klimavinnar

Mål:

Me trur at framtidens matproduksjon må vere karbonnøytral og at kundane våre ynskjer å kjøpe og ete sunn og god mat utan karbonavtrykk. Me har derfor ein nullvisjon for utslepp av CO₂.

Bakgrunn

Matproduksjon står for ein betydeleg del av verdas samla karbonavtrykk, og landbruket beslaglegg ein stor del av landjorda vår, noko som legg press på både biodiversitet, jordsmonn og ferskvassressursar. Oppdrettslaks har eit langt lågare CO₂-avtrykk enn kjøttproduksjon, men set òg sine avtrykk. Det er derfor viktig å måle og rapportere utsleppa for å klare å bli betre.

Tiltak

Me kan dele våre tiltak i fire kategoriar; tiltak for å kutte egne utslepp i scope 1 og scope 2, tiltak for å kutte indirekte utslepp i scope 3 og kompenserande tiltak for utslepp me ikkje klarar å kutte sjølv endå.

- Scope 1 tiltak: For oss var det viktig å starte med oss sjølv og våre direkte utslepp i scope 1. Me sat oss derfor i 2016 mål om å elektrifisere alle anlegga våre innan utgangen av 2020 med landstraum eller hybrid drift. Framover har me og mål om å elektrifisere båtane våre.
- Scope 2 tiltak: Etter kvart som me erstattar fossilt brensel i scope 1 med elektrisitet vil utsleppa våre frå scope 2 auke utan andre tiltak. I tillegg til å kutte utslepp ynskjer me å bidra til å stimulere lokal kraftproduksjon og skiftet til rein energi. Me skal derfor kjøpe grøn lokal vasskraft til vårt kraftbehov.
- Scope 3 tiltak: Indirekte utslepp i scope 3, og særleg utslepp knytt til produksjon av fôr og fôråvarer står for det meste av karbonavtrykket til laksen. Dette er derfor eit svært viktig fokusområde for å redusere det totale avtrykket per kg produsert laks. For oss handlar dette om to ting. Det fyrste er å sikre at me får det riktige fôret, noko me sikrar gjennom kontinuerleg utvikling og testing, samt tett og god dialog med våre fôrleverandørar. Det andre er å få mest mogeleg kvalitetslaks ut av fôret me nyttar og det viktigaste for å oppnå dette er å halde dødelegheita, fôrfaktoren og fôrvinnet så lågt som mogeleg gjennom heile produksjonen.

- Kompenserande tiltak: Til slutt har me tiltak retta mot å kompensere for utsleppa som me endå ikkje har klart å kutte sjølv. Ved å samarbeide med uavhengige ekspertar på karbonnøytralisering, Natural CapitalPartners kompenserer me for våre uunngåelege, resterande utslepp gjennom å støtte karbonreduserande prosjekt som òg bidreg til å styrke lokalsamfunn og bevare naturen. Kompensasjonen er gjort etter krava i The CarbonNeutral Protocol, den globale standarden for karbonnøytralisering og gjer at me har oppnådd sertifisering som CarbonNeutral® Company.

Resultat

For 2020 oppnådde me eit utslepp per kg laks produsert før kompenserande tiltak på 2.95 kg CO₂e. Dette svarar til ein reduksjon på 1.27 kg CO₂e per kg laks eller 30% samanlikna med 2018-nivået. Totalt har me redusert utsleppa våre med 9 812 tonn CO₂e årleg.

Me lagar òg vårt eige klimarekneskap etter GHG Corporate Protocol og her kan du lese meir om dei ulike tiltaka våre, utsleppa frå produksjonen vår og korleis dei er berekna og korleis me kompenserer for vårt avtrykk.

Klimarekneskapet finn du på vår heimeside www.efb.no



Climate Futures

Eide Fjordbruk deltar i Climate Futures, eit senter for forskningsdrevet innovasjon som skal arbeide for å produsere betre metodar og praksis for handtering av klimarisiko.

Climate Futures vert leia av Norce og tek utgangspunkt i Bjerknessenteret for klimaforskning. Dei øvrige forskningspartnarane er Universitetet i Bergen, Noregs handelshøgskule og SNF, Norsk Regnesentral, Meteorologisk institutt, Nansensenteret og Statistisk sentralbyrå.

Du kan lese meir på www.climatefutures.no



Vårt klimarekneskap for 2020

GHG utslepp, tonn CO ₂ e	2018 base line	2018 reported	2019 reported	2020 reported
Scope 1	1,413	1,413	965	774
Scope 2	920	920	1,155	661
<i>Scope 2 utan opprinnelsesgarantiar</i>	<i>920</i>	<i>920</i>	<i>1,155</i>	<i>1,322</i>
Sum scope 1 + 2	2,332	2,332	2,120	1,435
Sum Scope 3	50,628	48,401	50,337	41,713
Total GHG utslepp	52,960	50,733	52,458	43,148

GHG intensitet, kg CO ₂ e per kg produsert	2018 base line	2018 reported	2019 reported	2020 reported
Scope 1	0.11	0.11	0.07	0.05
Scope 2	0.07	0.07	0.09	0.05
<i>Scope 2 utan opprinnelsesgarantiar</i>	<i>0.07</i>	<i>0.07</i>	<i>0.09</i>	<i>0.09</i>
Sum scope 1 + 2	0.19	0.19	0.16	0.10
Sum Scope 3	4.03	3.86	3.83	2.86
Total GHG intensitet per kg produsert	4.22	4.04	3.99	2.95

GHG reduksjonar frå basisår per reduksjonsinitiativ	Tonn CO ₂ e		Kg CO ₂ e/kg	
		(%)		(%)
Total GHG utslepp i basisår	52,960	100 %	4.22	100 %
Overgang til landstrøm	- 638	-1 %	0.06	-1 %
Andre endringar	-	0 %	-	0 %
Total scope 1 reduksjon	- 638	-1 %	0.06	-1 %
Kjøp av opprinnelsesgaranti	- 661	-1 %	0.05	-1 %
Andre endringer (i hovudsak økt strømforbruk)	402	1 %	0.02	0 %
Total scope 2 reduksjon	- 259	0 %	0.03	-1 %
Forbetring av fôrutnyttelse (fôrfaktor)	- 3,978	-8 %	0.40	-9 %
Reduksjon av svinn i produksjonen	- 1,747	-3 %	0.17	-4 %
Reduksjon fra endring av fôrråvarer (i hovudsak soya)	- 7,287	-14 %	0.50	-12 %
Andre endringer (i hovudsak økt produksjon)	4,097	8 %	0.11	-3 %
Total scope 3 reduksjon	- 8,915	-17 %	1.18	-28 %
Total GHG reduksjon	- 9,812	-19 %	1.27	-30 %
Total GHG utslepp rapportert 2020	43,148	100 %	2.95	100 %

2020 GHG kompensasjon, tonn CO ₂ e	Tonn CO ₂ e		Kg CO ₂ e/kg	
Scope 1+2 utslepp før kompensasjon		1,435		0.10
Kompensasjon for utslepp scope 1+2		1,435		0.10
Netto GHG utslepp (scope 1+2) etter kompensasjon		-		-
Scope 3 utslepp før kompensasjon		41,713		2.86
Kompensasjon for utslepp scope 3		4,655		0.32
Netto GHG utslepp (scope 3) etter kompensasjon		37,058		2.54
Netto GHG utslepp etter kompensasjon		37,058		2.54

Kompenserande tiltak


Ved å samarbeide med uavhengige ekspertar på karbonnøytralisering, Natural Capital Partners, tek Eide Fjordbruk no endå eit stort steg ved å kompensera for våre uunngåelege, resterande utslepp gjennom å støtte karbonreducerande prosjekt som på ein positiv måte bidreg til å styrke lokalsamfunn og bevare naturen. Alle prosjekta er underlagt uavhengig gjennomgang av ekspertar for å sikre at dei møter dei høgaste krava (ICROA approved) og resulterer i verifiserbare og varige utsleppsreduksjonar.

Totalt har me i 2020 kompensert for alle dei uunngåelege, resterande utsleppa frå selskapa våre. Det utgjer alle våre Scope 1 og 2 utslepp, samt dei scope 3 utsleppa som er knytt til vår eiga verksemd, slik som forretningsreiser, avfall, emballasje og transport. Kompensasjonen er gjort etter krava i The CarbonNeutral Protocol, den globale standarden for karbonnøytralisering.

Me støttar i dag to prosjekt;

Bevaring av skog og reine kokemogelegheter i Malawi: Gjennom ein kombinasjon av skogbevaring og distribuering av reine kokefasilitetar nyttar prosjektet karbonfinansiering for å oppnå betydelege utsleppsreduksjonar, bevare biodiversiteten i eit viktig område, samt adressere helseisikoar knytt til luftforureining.

Forbetring og utviding av våtmarksområde og rein energi: Dette prisberømte prosjektet har i tillegg til å forsyne 18 000 husstandar med rein straum frå biogass restaurert to kvadratkilometer med våtmarksområde.





Salmon Zero – Verdas fyrste karbonnøytrale laks!

Me trur at framtidens matproduksjon må vera karbonnøytral og at kundane våre ynskjer å kjøpe og ete sunn og god mat utan karbonavtrykk.

Derfor ynskjer me å gå eit steg lenger ved å tilby våre kundar verdas fyrste karbonnøytrale laks.

Når du kjøper ein karbonnøytral laks av oss har me allereie kompensert for ikkje berre våre eigne, men alle karbonutsleppa i produksjonssyklusen til laksen frå egg til ferdig slakta laks basert på krava i The CarbonNeutral Protocol.

Les meir om Salmon Zero og korleis me lagar vår karbonnøytrale laks på

Salmon
zer




CarbonNeutral.com





FRAMTID



Volum
slakta




83%

Eigenkapital
(%)



35%

Investeringar
(millionar NOK)



195



Eide

Innovasjon og digitalisering

Mål:

Me har et mål om å få kontoret nærare merdane og merdane nærare kontoret. Det vil me gjere gjennom innovasjon og endring. Me meiner at mykje av nøkkelen for berekraftig havbruk ligg i kunnskap og læring, og denne kunnskapen kan me få ved å analysere data rundt oss, ta i bruk ny teknologi og endre måten me arbeider på.

Tiltak:

Me i Eide Fjordbruk satsar stort på bruk av sensorikk, kamera og digitale løysingar for å analysere datapunkta som vert generert. På våre anlegg målar me kontinuerleg ei rekke sentrale miljøparametre, mellom anna sjøtemperatur, straumfart, oksygeninnhald og saltinnhald. Me vil òg måle på ulike djupner i vassøyla, slik at me kan fange opp endringar og sette i verk tiltak raskt.

Gjennom tilgang på god og nøyaktig data over tid håpar me å kunne ligge i forkant og redusere konsekvensane frå eksempelvis sjukdom eller algeutbrot. Med kamera og god internettilgang vert det òg lettare å følgje med på korleis fisken har det frå kontoret, heimefrå eller frå vårt nye kommunikasjonsrom i Eidestøa.

Eide Fjordbruk deltek og i ei rekke samarbeidsprosjekt innanfor innovasjon.

- Me er medlem av NCE Seafood Innovation Cluster som heldt til i havbyen Bergen, ei næringsklynge for innovasjon i akvakulturnæringa.
- Me deltek i samarbeids- og innovasjonsprosjektet KABIS (Kapasitetsløft for Bærekraftig og Innovativ Sjømatproduksjon) som er eit prosjekt som skal løfte fram innovative løysingar for berekraftig oppdrett gjennom samarbeid mellom utdanning, forvaltning og næringsliv
- Me deltek som pilotkunde for å utvikle og teste programvara Clarify saman med fleire andre oppdrettarar i regionen.

Resultat

Me har no fått på plass infrastrukturen med sensorar, kamera og internett på alle våre lokalitetar. Dette har kome ekstra godt med i 2020 då me måtte finne nye arbeidsmetodar som følgje av utbrotet av Covid-19. Til no har me samla inn over ein milliard datapunkt ved våre lokalitetar.

Me har og digitalisert fleire tidlegare manuelle prosessar, slik som loggbøker, journalar og sjekklister.

Dette gjer at røktarane kan bruke meir av tida si på det som er viktigast, som er å sørge for at fisken vår får mat og har det bra.



KABIS

Målet til KABIS-prosjektet har vore å samle og styrke forskning og høgare utdanning på Vestlandet slik at det i større grad bygger på innovasjons- og utviklingsarbeidet som pågår for å utvikle meir berekraftige løysingar for akvakultur.

Clarify by Searis

Med ei datamengd som veks eksponentielt er det utruleg viktig å ha ein god plattform for å samle alle datakjeldene og visualisere dei på ein god måte. Som ein av fleire pilotkundar til selskapet Searis AS samarbeider me om å utvikle og teste programvara Clarify, som har som mål å gjere nettopp dette; samle og visualisere alle datakjeldene i eit brukarvenleg grensesnitt på mobil, nettbrett og pc.



Investering i utvikling og ny teknologi

Mål:

Me har som visjon å sette standarden for framtidens havbruk. For oss inneberer det mellom anna at me skal ligge i forkant når det gjeld å ta i bruk ny og framtidsretta teknologi. Me trur fyrst og fremst på teknologi som let oss bygge vidare på dei naturgitte fortrinna med har i Noreg med reint vatn og djupe fjordar.

Tiltak

For å bidra til å nå vår visjon om å sette standarden for framtidens havbruk ynskjer Eide Fjordbruk å bidra til å vidareutvikla teknologien me brukar i oppdrett i sjø. I tillegg til dei breie innovasjons- og forskingsprosjekta me deltek i har me og ei rekke interne investeringar og utviklingsprosjekt knytt til ny teknologi.

- I 2019 tok Eide Fjordbruk i bruk tubenøter på den største lokaliteten i selskapet, lokaliteten Langøy i Fensfjorden. Tubemerdane er i praksis merdar som er seinka ned under lusebeltet, med ein snorkel der laksen kan symje opp til overflata for å fylle symjebæra med luft. Anlegget på Langøy var fyrste heile anlegg i kommersiell skala med tubenøter.
- Eide Fjordbruk har fått tildelt støtte frå Forskningsrådet for å gjennomføre testing av eit nytt nedsenka merdskonsept med fleksibel djupne og luftbobling for symjebærefylling i samarbeid med Selstad og Havforskningsinstituttet. Forsøka starta opp i 2020.
- I 2020 fekk Eide Fjordbruk tilsegn om to utviklingsløyver på totalt 1 232 tonn biomasse for utviklingskonseptet Salmon Zero. Salmon Zero skal utvikle eit lukka anlegg i sjø basert på RAS-teknologi med vassreinsing plassert på land.

- I 2020 har me investert i utstyr for bløgging og sløyving av fisk på merdkanten. Dette skal bidra til å betre fiskevelferda ved å redusere stress, pumping og transport av levande fisk, i tillegg til å eliminere dødelegheit i brønnbåt og ventemerd.
- Me har òg bestilt vår fyrste semi-lukka merd frå Ecomerden og ser fram til ta i bruk denne i 2021.

Resultat

Me ser at mykje av den nye teknologien gjev god effekt mot lus i form av reduserte lusepåslag. Særleg tubenøtene har bidratt til å redusere lusepåslaga betydeleg, og har gjeve oss mykje god og viktig kunnskap. Samtidig ser me at sjølv tubenøter ikkje er 100% effektive mot lus. Det er derfor framleis behov for betre teknologi, meir kunnskap og betre løysingar for å løyse luseutfordringa.

Me ser fram til å arbeide vidare med å utvikle og teste ut ny teknologi som me har tru på òg i 2021.

Foto: Lokaliteten Langøy i Fensfjorden med sju tubemerar for reduksjon av lusepåslag



Nye fôrråvarer

For å mette ei stadig veksande befolkning trengs det ei betydeleg auke i matproduksjonen fram mot 2050. Samtidig er mykje av dagens landbruk under aukande press frå mellom anna klimaendringar. Me trur derfor at me må finne nye råvarer og ingrediensar til framtidens laksefôr, kanskje kan mange av desse òg dyrkast i havet.

Tidlegare bestod lakseføret først og fremst av marine råvarer som fiskeolje og fiskemjøl, produsert av villfanga fisk. Dagens laksefôr består primært av plantebaserte råvarer som raps, soya og kveite i tillegg til ein mindre del marine råvarer.

Denne utviklinga har vore viktig, og det er lagt ned stor innsats i bransjen å redusere bruken av villfanga fisk til fôr. Fiskeolje og fiskemjøl frå villfanga fisk er ei avgrensa ressurs og kan ikkje dekke behovet for marine fôrråvarer. Samtidig er det òg utfordringar med å nytte plantebaserte råvarer. Det er marine råvarer som er mest naturleg for laksen, og dei plantebaserte har sine egne utfordringar med avskoging, erosjon og tilgang på ferskvatn.

Me i Eide Fjordbruk ynskjer å bidra til å utvikle og teste nye fôrråvarer og har i samband med det kjøpt opp selskapet Norsk Marin Fisk AS som gjennom sitt heileigde dotterselskap Nordfjord Forsøksstasjon AS driv med nettopp forskning og utvikling av nye og meir berekraftige fôrråvarer i samarbeid med Veterinærinstituttet og NMBU.

Ei av utfordringane med plantebaserte råvarer er at desse kan påverke tarmhelsa til oppdrettslaksen negativt. Nordfjord Forsøksstasjon testar mellom anna ut ulike fôrråvarer med tanke på å avdekke tarmforandringar, forskjellar i tilvekst, fôrutnytting, lusetal og dødelegheit. Fôrråvarene som vert testa no er ulike innblandingar av fermenterte plantebaserte råvarer, insektmjøl og taremjøl.

I 2021 vil forskingsstasjonen vår på Isane verte utstyrt med eige laboratorium på lokaliteten i samband med stiftinga Måløy Marine Ressurscenter. Lokaliteten vert i tillegg utstyrt med eit moderne anlegg med integrert fôrflåte.


Nordfjord Forsøksstasjon har òg nyleg tilsett ein eigen doktorgradsstipendiat, Linn Haug Eide. Linn er frå Osmundsvåg i ytre Nordfjord og skal dei neste fire åra arbeide med fôrforskinga vår i samband med at ho samtidig tek ein doktorgrad ved NMBU.

Foto: Forskjingsstasjonen til Nordfjord Forskjingsstasjon på lokaliteten Isane i Nordfjord.





ÅRSREGNSKAP



Eide

Årsberetning frå styret

Året 2020, organisering og strategi

Verksemda til selskapet er oppdrett av laks og aure i sjø, og verksemda blir driven på åtte lokalitetar i Hardanger og Nordhordland. Hovudkontoret er lokalisert i Bjørnafjorden kommune.

Eide Fjordbruk AS er et familieeigd selskap med sterk lokal forankring. Eide Fjordbruk AS er eit dotterselskap av Eide Fjordbruk Holding AS og inngår i Eide Fjordbruk Holding-konsernet.

Eide Fjordbruk har som visjon å sette standarden for framtidens havbruk. Vår misjon er å drive lidenskapeleg lakseproduksjon i vill norsk natur. Vidare skal me være framtidsetta, lidenskapelege, uredde, pålitelege og kvalitetsbevisste.

Eide Fjordbruk skal vere ein støttespelar og vise samfunnsansvar i dei kommunane me har aktivitet i, og me skal levere resultat innanfor fire dimensjonar; folk, fisk, fjord og framtid.

I 2020 fortsette Eide Fjordbruk å investere i framtida gjennom oppkjøpet av selskapet Norsk Marin Fisk AS som gjennom dotterselskapet Nordfjord Forsøksstasjon AS driv forskning og utvikling på nye fôrråvarer til laks og aure. Me investerte òg 8 millionar kroner i auka tillatelseskapasitet då me etter å ha nådd dei strenge unntaksgrensene under Trafikklysystemet fekk tilbod om vekst på 51 tonn.

I 2020 investerte Eide Fjordbruk og ytterlegare i utstyr for bløgging og sløying av fisk ved merdkanten, mellom anna som beredskap ved eksempelvis avlusingsoperasjonar, eit tiltak me håpar skal bidra til å redusere svinnet i vår region betydeleg.

Gjennom 2020 har me òg arbeida vidare med detaljeringa og planlegginga av visningsanlegget Salmon Eye. Me vil at dette anlegget skal verte eit ikon for næringa og regionen og sette standarden framtidens visningsanlegg. Me ser fram til å kunne opne Salmon Eye for besøkande i 2022 og investerer òg i ein fullelektrisk båt som skal transportere besøkjande til anlegget.

Finansielle forhold

Selskapet omsette for 812 millionar kroner i 2020, ein reduksjon på 1 % frå 820 millionar kroner i 2019. Dette er framleis den nest høgaste omsetninga selskapet har hatt.

Endringa skyldast i all hovudsak ei auke i slaktevolum og reduksjon i marknadsprisar på laks og aure. Selskapet hadde i 2020 eit slaktevolum på 15 383 tonn rund vekt, ei auke på 14 % frå 13 519 tonn i 2019.

Driftsresultatet blei på 95 millionar kroner, mot 132 millionar kroner i 2019. Årsresultatet var på 76 millionar kroner mot 100 millionar kroner i 2019.

Eigenkapitalen i selskapet var 356 millionar kroner per 31.12.2020, uendra frå 356 millionar kroner per 31.12.2019. Eigenkapitalandelen i selskapet er 35% per 31.12.2020, mot 39 % per 31.12.2019. Reduksjonen skuldast opptak av gjeld i samband med oppkjøpet av Norsk Marin Fisk AS.

Kontantstraumen frå operasjonelle aktivitetar var positiv med 127 millionar kroner i 2020, mot ein negativ kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 8 millionar i 2019. Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar er høgare enn driftsresultatet i hovudsak grunna reduksjon i kundefordringar per 31.12.2020 samanlikna med 31.12.2019.

Selskapet har i 2020 investert 57 millionar kroner i nye driftsmiddel. Dei største investeringane i 2020 er knytt til ny teknologi i form av tubenøter og utstyr for bløgging og sløying av fisk på merdkanten. Investeringane er i hovudsak finansiert med eigenkapital.

Netto renteberande gjeld var på 351 millionar kroner per 31.12.2020 og bestod av langsiktig banklån på 34,6 millionar kroner, leasinggjeld på 67 millionar kroner og kontantar på 62 millionar kroner. Netto renteberande gjeld er auka frå 177 millionar kroner per 31.12.2019 og hovudendringa skuldast auke i langsiktig banklån.

I tillegg har selskapet ein ubenyttat trekkfasilitet på 150 millionar kroner. Selskapet er, slik styret vurderer det, svært solid og godt rusta for vekst og investeringar i framtida.

Årsberetning frå styret

Sentrale risikofaktorar

Resultata til selskapet varierer i takt med utviklinga i lakse- og aureprisane. Marknads-prisane har det siste året vore noko lågare enn i 2019, men framleis over historiske nivå. Dette har bidratt til det solide resultatet i Eide Fjordbruk for 2020. Eide Fjordbruk sel i hovudsak fisk i spotmarknaden, og svingingar i lakse- og aureprisane påverkar derfor straks resultatet i selskapet. Styret vurderer jamleg om det er aktuelt å sikre delar av prisrisikoen gjennom bruk av finansielle kontraktar, men hadde ingen slike posisjonar per 31.12.2020.

Selskapet har renteberande, ekstern gjeld og er derfor òg eksponert for risiko knytt til ein auke i rentenivået. Samstundes har selskapet inngått ein rentebytteavtale som reduserer renterisikoen betydeleg. Det er derfor styret si vurdering at denne risikoen er låg.

Kredittrisikoen på faste kundar kan tidvis vere stor sidan selskapet berre har nokre få kundar. For å redusere kredittrisikoen vert kundane følgde tett og det er god dialog ved uteståande fordringar. Selskapet nyttar og kredittforsikring for å redusere risikoen ytterlegare. Selskapet har historisk hatt få tap på fordringar.

Selskapet har inga direkte eksponering mot valuta, men blir påverka indirekte gjennom at sluttkundane i stor grad er utanlandske. Ei endring i særleg euro-kursen vil derfor påverke prisen me oppnår i norske kroner. Prisen på råvarer som fôr blir og påverka av endring i valutakursar, særleg dollar-kursen.

Selskapet har ei kontantbeholdning på 62 millionar kroner og god likviditet. Likviditetsrisikoen blir rekna som låg.

I tillegg til risikoforholda som er gjennomgått ovanfor er selskapet eksponert for operasjonell risiko i form av mellom anna biologisk risiko og risiko for rømming av fisk. Dette er ibuande risikoar ved akvakulturverksemd og eit viktig fokusområde i selskapet sin strategi for styring av risiko. Oppdrett av laks og aure skjer i anlegg som er kontinuerleg eksponerte for naturkreftene. I tillegg vil det alltid vere ein viss sjukdomsrisiko og annan biologisk risiko. Grunna overgangen frå ferskvatn til sjøvatn er den biologiske risikoen særleg stor dei første vekene etter smolten kjem i sjø. I tillegg er risikoen auka i forbindelse med mekaniske behandlingar mot lakselus og i periodar med svært høg vassstemperatur.

Selskapet er òg eksponert for klimarisiko. Klimarisiko kan kategoriseres i hhv fysisk risiko, overgangsrisiko og ansvarsrisiko. Fysisk risiko er knyttet til mulige fysiske endringer for virksomheten knyttet til de faktiske klimaendringene. For lakseproduksjon vurderes denne som lav på kort sikt, men moderat til høy på lang sikt, da eksempelvis høyere havtemperatur kan gi dårligere produksjonsvilkår eller føre med seg nye agens eller predatorer. Styret anser at overgangsriskoen er lav da akvakultur generelt og laks og ørret spesielt er proteinproduksjon med lavt klimaavtrykk. Ansvarsrisiko anses også som lav, da laks og ørret er sunne og trygge matvarer med et lavt klimaavtrykk sammenlignet med de fleste andre former for produksjon av animalske proteiner.

Selskapet og sjømatnæringa elles er òg framleis eksponert for betydeleg risiko knytt til marknadstilgang til sentrale marknader. Styret vurderer risikoen som moderat, men aukande. Dei viktigaste årsakene til dette er knytt til ei meir proteksjonistisk retning i dei største økonomiane i verda samt framveksten av landbaserte anlegg nær marknaden.

I tillegg til dette er selskapet og oppdrettsnæringa eksponert for politisk risiko. Den politiske risikoen knytter seg blant annet til uforutsigbare rammevilkår og potensielle nedtrekk i produksjonen som følge av trafikklyssystemet. Innføringa av trafikklyssystemet har medført stor usikkerheit, særleg for oppdrettarar i raude produksjonsområde. Styret vurderer at den politiske risikoen for oppdrettsvirksomhet i åpne merder i Norge generelt og i Vestland spesielt er høg. Samtidig ser styret positivt på arbeidet med ny havbruksstrategi, og me vonar at dette på sikt vil bidra til auka forutsigbarheit.

Den pågåande pandemien med Covid-19 har medført store endringar i laksemarknaden, der mellom anna HORECA marknaden, samt dei fleste flyfrakt-marknadane forsvann nærmast over natta. Denne risikoen er framleis betydeleg, men etter styret si vurdering er risikoen til selskapet først og fremst knytt til ei større usikkerheit enn normalt rundt lakseprisen.

Årsberetning frå styret

Miljø og berekraft

Styret reknar produksjon av laks og aure i sjø i Noreg som ein av dei mest effektive måtane å produsere mat på. Eide Fjordbruk ønskjer å bidra til ei berekraftig utvikling av matproduksjonen i verda ved å produsere sunn mat i sjøen. Likevel ser me at også denne måten å produsere mat på set fotavtrykk, og selskapet arbeider bevisst for å halde påverknaden på det ytre miljøet på eit minimumsnivå.

Oppdrett i opne merdar medfører òg ein risiko for rømming. Rømt oppdrettsfisk kan ha negativ innverknad på villaks og sjøaure. Eide Fjordbruk har ikkje hatt rømming frå nokre av sine anlegg verken i 2020 eller i 2019. For å redusere risikoen knytt til rømming arbeider selskapet både med å utvikle nye produksjonsmetodar samtidig som ein arbeidar kontinuerleg for å førebyggje rømming i dagens anlegg.

Oppdrett av laks og aure i opne merdar medfører spreiring av lakselus. Store mengder lakselus kan påverke fiskehelsa til oppdretts-fisken og kan òg ha negativ innverknad på villaks og sjøaure. Selskapet arbeider målretta for å halde lusemengda på eit lågt nivå og for å minimere bruken av medikamentell behandling gjennom ein kombinasjon av å bruke rogn og fôr som førebyggjer lus, og å investere i utstyr for ikkje-medikamentell behandling av fisken.

Selskapet rettar seg etter alle reglar og påbod for handtering av fisk, fiskefôr og avfall og har internkontrollsystem som bidreg til å sikre dette. Selskapet er òg sertifisert etter Global GAP-standarden for akvakultur. Styret kan ikkje sjå at selskapet forureinar det ytre miljøet på skadeleg eller ulovleg vis. Selskapet er underlagt kontroll av miljøvernavdelinga hos Fiskeridirektoratet og har i 2020 ikkje fått nokon pålegg i samband med denne Kontrollen.

Forsking og utvikling

Eide Fjordbruk jobbar målretta med fleire ulike FoU-prosjekt, mellom anna innanfor digitalisering, utvikling av ny teknologi og nye førråvarer. Du kan lese meir om dei ulike prosjekta i vår utvida års- og berekraftrapport.

Samfunnsansvar

Eide Fjordbruk skal vere ein støttespelar og vise samfunnsansvar i dei kommunane vi har aktivitet i. Me ønskjer vekst og utvikling i bygdesamfunna og investerer kvart år delar av overskotet på tiltak som skal gjere bygdesamfunna rikare på gode møteplassar. Eide Fjordbruk støtter ei rekke helsefremmande tiltak og aktivitetar i nærmiljøet.

Eide Fjordbruk er i tillegg ein viktig arbeidsgivar i mange lokalsamfunn og ei godkjend læreverksemd.

Ein viktig filosofi er å nytte lokalt næringsliv der det er mogeleg. Eide Fjordbruk handlar derfor bevisst det meste verksemda treng frå lokale og regionale aktørar. Me håpar og trur at det vil bidra til levande bygder i framtida òg.

Framtidsutsikter

Styret ser at framtidsutsiktene for akvakultur og lakseproduksjon framleis er svært gode i eit langsiktig, globalt perspektiv. Samstundes er utsiktene for Eide Fjordbruk og akvakultur-næringa særleg på Vestlandet langt meir usikre enn dei har vore på mange år. Dette gjeld mellom anna tilgang på areal lokalt i form av gode lokalitetar samt usikkerheit knytt til trafikklyssystemet og skattesystemet. Uvissheta knytt til utbrotet av Covid-19 kom slik sett på toppen av ei allereie krevjande tid, og fører med seg nye moment knytt til logistikk, tilgang på personell og store svingingar i valuta og marknadsprisar.

Samstundes er etterspurnaden etter sunn mat som er produsert på ein berekraftig måte stadig aukande, og prisane på laks og aure har vore gode dei siste fire åra. Styret forventar at dette vil halde seg og i 2021, og forventar i tillegg eit slaktevolum for 2021 omtrent på nivå med 2020.

Styret presiserer at vurderingane av framtidige forhold er usikre. Den viktigaste faktoren som vil påverke det framtidige resultatet, er utviklinga i lakseprisen, men utviklinga i lusenivåa og fôrprisane vil òg ha mykje å seie.

I tillegg vil eksterne faktorar som potensiell nedjustering av produksjonskapasitet grunna raud farge på trafikklyset i våre produksjonsområde ha ei betydeleg negativ påverknad på dei framtidige resultatane våre og på vår evne til å gjennomføre større investeringar.

Årsberetning frå styret

Tilsette

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt.

Me har i 2020 hatt to arbeidsuhell som har medført skade og sjukefråvær. Ingen av uhella har medført alvorleg og varig skade.

Sjukefråværet for 2020 utgjør samla sett om lag 2 % og er på nivå med tidlegare år.

Selskapet har ved utgangen av rekneskapsåret 51 heiltids- og deltidstilsette. Åtte av desse er kvinner. Styret i selskapet består av to menn og éi kvinne. Styreleiaren er kvinne.

Både selskapet og styret har som mål at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn, og ein arbeider kontinuerleg for å nå dette målet.

Styret i Eide Fjordbruk er svært godt nøgd med alle tilsette sin arbeidsinnsats, dette har heilt klart vore viktig og avgjerande for årets gode resultat. Eide Fjordbruk ynskjer å takke, og har vedteke å tildele alle faste tilsette i full stilling ein bonus på 75 000 kroner.

Bruk av overskot

Eide Fjordbruk AS hadde i 2020 eit årsresultat etter skatt på 76 millionar kroner, mot eit årsresultat etter skatt på 100 millionar kroner i 2019. Årsrekneskapen er avlagd under føresetnad om framleis drift.

Styret foreslår et utbytte på 76 millionar kroner. Konsernet sin strategi tilseier at hovuddelen av overskotet skal investerast for vidare vekst og utvikling når dette er mogeleg. Styret foreslår at årsresultatet for 2020 vert disponert slik:

Foreslått utbytte:	76 386 529 kr
Til annan eigenkapital:	0 kr
Totalt disponert:	76 386 529 kr

Eidestøa, 13. april 2021

Randi Herre Eide
Styrets leiar

Sondre Eide
Styremedlem/
Dagleg leiar

Erlend Eide
Styremedlem



Eide Fjordbruk AS
Resultatregnskap

NOTER	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2020	2019
2	Salgsinntekt	802 694 160	808 229 998
	Annen driftsinntekt	9 748 504	11 878 801
	Sum driftsinntekter	<u>812 442 665</u>	<u>820 108 799</u>
	Endring beholdn.varer under tilvirking og ferdigvarer	36 781 556	569 398
	Varekostnad	530 598 619	537 528 293
3, 4	Lønnskostnad	41 262 891	40 632 888
4, 5	Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	30 848 994	25 901 299
3, 4	Annen driftskostnad	78 168 075	83 953 697
	Sum driftskostnader	<u>717 660 134</u>	<u>688 585 575</u>
	Driftsresultat	<u>94 782 530</u>	<u>131 523 224</u>
	FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Inntekt på investering i tilknyttet selskap	6 500 000	2 500 000
	Renteinntekter	970 444	2 077 196
	Annen finansinntekt	7 080	0
	Rentekostnader	7 396 889	7 995 467
	Resultat av finansposter	<u>80 635</u>	<u>-3 418 271</u>
	Ordinært resultat før skattekostnad	<u>94 863 165</u>	<u>128 104 953</u>
6	Skattekostnad på ordinært resultat	<u>18 476 636</u>	<u>28 011 078</u>
7	Arsresultat	<u>76 386 529</u>	<u>100 093 875</u>
	OVERFØRINGER		
	Avsatt til annen egenkapital	0	93 875
	Foreslått utbytte	76 386 529	100 000 000
	Sum overføringer	<u>76 386 529</u>	<u>100 093 875</u>



Eide Fjordbruk AS
Balanse pr. 31. desember

NOTER	EIENDELER	2020	2019
	Anleggsmidler		
	Immaterielle eiendeler		
8	Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker o.l.	94 826 000	86 870 000
	Sum immaterielle eiendeler	<u>94 826 000</u>	<u>86 870 000</u>
	Varige driftsmidler		
4, 5	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	13 794 786	5 930 401
5	Maskiner og anlegg	137 106 966	116 181 657
5	Skip/båter o.l.	6 381 043	5 711 272
5	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	9 893 936	12 830 671
	Sum varige driftsmidler	<u>167 176 731</u>	<u>140 654 001</u>
	Finansielle anleggsmidler		
9	Investeringer i datterselskap	195 682 185	15 811 971
9	Investeringer i tilknyttet selskap	75 557 200	75 567 200
10	Investeringer i aksjer og andeler	755 381	640 001
12	Andre fordringer	14 947	35 410
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>272 009 713</u>	<u>92 054 582</u>
	Sum anleggsmidler	<u>534 012 444</u>	<u>319 578 583</u>
	Omløpsmidler		
11	Varer	<u>188 479 321</u>	<u>222 626 702</u>
	Fordringer		
4, 12	Kundefordringer	194 946 193	263 117 542
13	Fordring på konsernselskaper	0	2 896 812
12	Andre kortsiktige fordringer	62 463 102	36 141 253
	Sum fordringer	<u>257 409 295</u>	<u>302 155 608</u>
	Investeringer		
14	Bankinnskudd, kontanter o.l.	<u>61 615 667</u>	<u>61 599 282</u>
	Sum omløpsmidler	<u>507 504 283</u>	<u>586 381 591</u>
	SUM EIENDELER	<u>1 041 516 726</u>	<u>905 960 174</u>



Eide Fjordbruk AS
Balanse pr. 31. desember

NOTER	EGENKAPITAL OG GJELD	2020	2019
	Egenkapital		
	Innskutt egenkapital		
7, 15	Aksjekapital (350 aksjer á kr 24 400)	8 540 000	8 540 000
7	Annen innskutt egenkapital	40 816 074	40 816 074
	Sum innskutt egenkapital	<u>49 356 074</u>	<u>49 356 074</u>
	Opptjent egenkapital		
7	Annen egenkapital	307 073 105	307 073 104
	Sum opptjent egenkapital	<u>307 073 105</u>	<u>307 073 104</u>
	Sum egenkapital	356 429 179	356 429 178
	Gjeld		
	Avsetning for forpliktelser		
6	Utsatt skatt	43 416 279	50 366 124
	Sum avsetning for forpliktelser	<u>43 416 279</u>	<u>50 366 124</u>
	Annen langsiktig gjeld		
12	Gjeld til kredittinstitusjoner	346 111 110	168 333 308
12	Øvrig langsiktig gjeld	67 482 745	71 312 218
	Sum annen langsiktig gjeld	<u>413 593 855</u>	<u>239 645 526</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	60 788 203	59 498 538
4, 6	Betalbar skatt	9 646 218	23 652 058
	Skyldige offentlige avgifter	3 240 178	2 760 221
	Utbytte	76 386 529	100 000 000
13	Gjeld til konsernselskaper	65 031 211	0
	Gjeld til aksjonær	155 300	168 535
	Annen kortsiktig gjeld	12 829 774	73 439 993
	Sum kortsiktig gjeld	<u>228 077 413</u>	<u>259 519 345</u>
	Sum gjeld	685 087 548	549 530 996
	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	1 041 516 726	905 960 174

13.04.2021
Styret i Eide Fjordbruk AS

Randi Herre Eide
Styrets leder

Erlend Eide
Styremedlem

Sondre Eide
Daglig leder/Styremedlem



Eide Fjordbruk AS

Kontantstrømoppstilling

	2020	2019
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	94 863 165	128 104 953
Periodens betalte skatt	-24 621 007	-33 238 151
Avskrivninger	30 848 994	25 901 299
Endring i varelager	34 147 381	-5 822 215
Endring i kundefordringer	68 171 349	-197 414 672
Endring i leverandørgjeld	1 289 665	-5 663 621
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-80 949 328	80 266 744
Endring i konsernmellomværende	2 896 812	322 485
Poster klassifisert som investerings- eller finansieringsaktiviteter	0	0
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	126 647 031	-7 543 178
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-57 371 724	-47 404 323
Utbetaling ved kjøp av immaterielle eiendeler	-7 956 000	0
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak	-129 261 250	-500 000
Innbetalinger ved salg av aksjer og andeler i andre foretak	10 000	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-194 578 974	-47 904 323
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
Innbetalinger ved opptak av annen gjeld (korts./langs.)	204 841 014	18 475 000
Utbetalinger ved nedbetaling av annen gjeld (korts./langs.)	-30 892 686	-28 438 724
Utbetalinger av utbytte	-100 000 000	-85 000 000
Netto kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter	73 948 328	-94 963 724
Netto kontantstrøm for perioden	6 016 385	-150 411 225
Kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse	61 599 282	212 010 507
Kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt	67 615 667	61 599 282
Denne består av:		
Bankinnskudd m.v.	61 615 667	61 599 282
Ubenyttet driftskreditt utgjør i tillegg	150 000 000	150 000 000



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

Note 1 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.

Immaterielle eiendeler

Immaterielle eiendeler er balanseført til anskaffelseskost. Immaterielle eiendeler nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom de forventede økonomiske fordelene ikke lenger dekker balanseført verdi.

Inntekter og kostnader

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når varen er levert til kunden. Inntektene regnskapsføres med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Kostnader regnskapsføres som hovedregel i samme periode som tilhørende inntekt. I de tilfeller det er en klar sammenheng mellom utgifter og inntekter fastsettes fordelingen etter skjønnsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Skatt

Skattekostnaden sammenstilles med regnskapsmessig resultat før skatt. Skatt knyttet til egenkapitaltransaksjoner, for eksempel konsernbidrag, føres mot egenkapitalen.

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22% på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode er utlignet og nettoført. Netto utsatt skattefordel balanseføres i den grad det er sannsynlig at denne kan bli utnyttet.

Leasing

Det skilles mellom finansiell og operasjonell leasing. Driftsmidler finansiert ved finansiell leasing er regnskapsmessig klassifisert under varige driftsmidler. Motposten, leieforpliktelsen, er medtatt som langsiktig gjeld til nåverdien av leiebetalingene. Driftsmiddelet avskrives planmessig og leiebeløp fordeles mellom rentekostnad og avdrag på gjelden.

Operasjonell leasing kostnadsføres som driftskostnad basert på fakturert leasingleie.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost, fratrukket avskrivninger og nedskrivninger. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Vesentlige driftsmidler som består av flere betydelige komponenter med ulik levetid er dekomponert med ulik avskrivningstid for de ulike komponentene. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring.

Forskning og utvikling

Utgifter til forskning og utvikling balanseføres i den grad man kan identifisere en fremtidig økonomisk fordel knyttet til utvikling av en identifiserbar immaterielle eiendel og hvor anskaffelseskostnaden kan måles



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

pålitelig. I motsatt fall kostnadsføres slike utgifter løpende. Balanseført forskning og utvikling avskrives lineært over økonomisk levetid.

Datterselskap og tilknyttet selskap

Datterselskap og tilknyttede selskaper vurderes etter kostmetoden i selskapsregnskapet. Investeringen er vurdert til anskaffelseskost for aksjene med mindre nedskrivning har vært nødvendig. Det er foretatt nedskrivning til virkelig verdi når verdifall skyldes årsaker som ikke kan forventes å være forbigående og det må anses nødvendig etter god regnskapsskikk. Nedskrivninger er reversert når grunnlaget for nedskrivning ikke lenger er til stede.

Utbytte, konsernbidrag og andre utdelinger fra datterselskap er inntektsført samme år som det er avsatt i givers regnskap. Overstiger utbytte / konsernbidraget andelen av opptjent resultat etter anskaffelsestidspunktet, representerer den overskytende del tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingene er fratrukket investeringens verdi i balansen til morselskapet.

Varer

Varelager er vurdert til det laveste av full tilvirkningskostnad og virkelig verdi.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Markedsbaserte verdipapir

Finansielle instrumenter, herunder aksjer og obligasjoner, er vurdert til virkelig verdi på balansedagen, da disse inngår i en handelsportefølje. Mottatt utbytte og andre utdelinger fra selskapene inntektsføres som annen finansinntekt.

Sikring

Selskapet benytter kontantstrømsikring i forbindelse med sikring av rente på banklån og finansiell leasinggjeld. Formålet er å redusere risikoen for økte renteutbetalinger forbundet med en potensiell fremtidig økning i rentenivået. Sikringsinstrumentet er en rentebytteavtale på 5 år fra 31.08.2020. Regnskapsmessig følger en regnskapsloven §4-1 (1) nr. 5 der gevinst og tap regnskapsføres i samme periode og resultatføres via rentekostnader.

Pensjoner - Innskuddsbasert ordning

Kostnaden til innskuddsbasert pensjonsordning tilsvare periodens premie til forsikringselskapet.

Sammenligningstall

Hvis det er foretatt vurdering som medfører ny klassifisering av enkeltposter eller transaksjonsstrømmer, er sammenligningstallene endret tilsvarende.

Kontantstrømpoppstilling

Kontantstrømpoppstillingen er utarbeidet etter den indirekte metoden. Kontanter og kontantekvivalenter omfatter kontanter, bankinnskudd og andre kortsiktige, likvide plasseringer.

Note 2 Salgsinntekter

	2020	2019
Salgsinntekt		
Salg av slakteklar fisk	673 268 625	643 572 422
Salg av levende fisk	129 425 535	164 657 576
Sum	802 694 160	808 229 998

Selskapets omsetning er i Norge.



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

Note 3 Lønnskostnader og ytelser, godtgjørelser til daglig leder, styret og revisor

Lønnskostnader	2020	2019
Lønn	34 376 596	33 336 740
Arbeidsgiveravgift	4 516 599	4 409 593
Pensjonskostnader	1 123 294	1 154 172
Andre ytelser	1 246 402	1 732 383
Sum	41 262 891	40 632 888

Gjennomsnittlig antall årsverk 42 39

Pensjonsforpliktelser

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret
Lønn	2 018 371	4 453 822
Pensjonskostnader	57 865	158 053
Annen godtgjørelse	145 957	244 125
Sum	2 222 193	4 856 000

Aksjonær leier i tillegg ut båt og garasje til selskapet for til sammen kr 84 000. Det er ikke ytt lån eller stilt sikkerhet for lån til fordel for ansatte eller tillitspersoner i selskapet. Selskapet har ikke inngått avtaler som sikrer ansatte eller tillitspersoner særskilte vederlag ved fratredelse. Det er heller ikke inngått avtaler som sikrer ansatte eller tillitspersoner rett til aksjer eller andre lignende forhold.

Kostnader til revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2020 utgjør kr 235 000. I tillegg kommer honorar for andre tjenester med kr 0.

Note 4 Offentlige tilskudd

Eide Fjordbruk AS er i 2020 bevilget tilskudd fra Norges Forskningsråd til et utviklingsprosjekt over tre år fra 01.04.2020. Årets inntektsførte tildeling er kr 1 555 677. Tilskuddet er nettoført mot andre driftskostnader. I 2019 mottok Eide Fjordbruk AS kr 0 i tilskudd fra Norges Forskningsråd.

I 2020 er det inntektsført tilskudd til forsknings- og utviklingsprosjekter via SkatteFUNN ordningen på kr 2 006 896. Beløpet er i sin helhet ført som reduksjon av lønnskostnad og andre driftskostnader. I 2019 mottok selskapet kr 1 502 449 i tilskudd fra ordningen.

Offentlig tilskudd fra Enova SF, kr 924 000 tildelt i 2017, er regnskapsmessig nettoført mot investeringen. Herav er kr 92 400 ført til reduksjon på avskrivningene i 2020. I 2019 ble kr 38 500 ført til reduksjon på avskrivningene.

**Eide Fjordbruk AS**
Noter til regnskap 2020**Note 5 Anleggsmidler**

	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Maskiner og anlegg	Båt	Driftsløsøre	Totalt
Anskaffelseskost 01.01.2020	7 208 275	173 492 168	12 013 033	29 500 697	222 214 173
Tilgang kjøpte driftsmidler	75 000	24 611 436	1 897 170	1 866 923	28 450 529
Tilgang anlegg under utførelse (netto)	8 367 886	20 553 309	0	0	28 921 195
Anskaffelseskost 31.12.2020	15 651 161	218 656 913	13 910 203	31 367 620	279 585 897
Akkumulerte avskrivninger	1 856 375	81 549 948	7 529 161	21 473 685	112 409 169
Bokført verdi pr. 31.12.2020	13 794 786	137 106 965	6 381 042	9 893 935	167 176 728
Årets avskrivninger	578 500	24 239 436	1 227 400	4 803 658	30 848 994
Økonomisk levetid	5-10 år	3-12 år	5-10 år	3-5 år	
Avskrivningsmetode	Ingen/Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Driftsmidler vurdert som finansiell leasing inngår i maskiner og anlegg med bokført verdi kr 81 047 174. Leasede driftsmidler er avskrevet med kr 17 401 436. Årlig leiebeløp på balanseførte leasingavtaler er kr 20 865 446. Kontraktstiden på disse er fra 3-8 år, der gjenværende kontraktstid er 1-6 år. Årlig leiebeløp på operasjonelle leasingavtaler er kr 417 015. Kontraktstiden på disse er fra 3-5 år, der gjenværende kontraktstid er 1 år.

Tilgang anlegg under utførelse gjelder to prosjekter som forventes å være ferdigstilt i 2021, og vil avskrives fra det tidspunkt.

Note 6 Skatt

Årets skattekostnad	2020	2019
Betalbar skatt	25 426 481	25 154 507
Endring i utsatt skatt	-6 949 845	2 856 571
Skattekostnad ordinært resultat	18 476 636	28 011 078
Beregning av årets skattegrunnlag:	2020	2019
Ordinært resultat før skattekostnad	94 863 165	128 104 953
Permanente forskjeller	-8 633 455	-781 876
Endring i midlertidige forskjeller	31 770 203	-12 984 407
Avgitt konsernbidrag	-65 031 211	0
Årets skattegrunnlag	52 968 703	114 338 670
Betalbar skatt i balansen:	2020	2019
Betalbar skatt på årets resultat	25 959 980	25 154 507
Betalbar skatt på avgitt konsernbidrag	-14 306 866	0
Tilskudd SkatteFUNN	-2 006 896	-1 502 449
Sum betalbar skatt i balansen	9 646 218	23 652 058



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

Oversikt over midlertidige forskjeller 31.12:	2020	2019	Endring
Varige driftsmidler	21 473 376	22 249 246	775 870
Varer	183 539 150	215 823 753	32 284 603
Gevinst- og tapskonto	139 770	174 713	34 943
Krav på utbytte (skattepliktig andel)	180 000	0	-180 000
Leasingavtaler	13 564 429	12 239 216	-1 325 213
Sum	218 896 725	250 486 928	31 590 203
Inngår ikke i beregningen av utsatt skatt	-21 550 000	-21 550 000	0
Sum	197 346 725	228 936 928	31 590 203
Utsatt skatt (22 %)	43 416 279	50 366 124	6 949 845

Note 7 Egenkapital

	Aksjekapital	Annen Innskutt egenkapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr 01.01.2020	8 540 000	40 816 074	307 073 104	356 429 178
Årets resultat			76 386 529	76 386 529
Foreslått utbytte			-76 386 529	-76 386 529
Pr 31.12.2020	8 540 000	40 816 074	307 073 105	356 429 179

Note 8 Immaterielle eiendeler

	Konsesjoner	Totalt
Anskaffelseskost 01.01.2020	86 870 000	86 870 000
Tilgang i året	7 956 000	7 956 000
Anskaffelseskost 31.12.2020	94 826 000	94 826 000
Akkumulerte av- og nedskrivninger per 01.01	0	0
Akkumulerte av- og nedskrivninger per 31.12	0	0
Bokført verdi pr. 31.12.2020	94 826 000	94 826 000

Prosentstørrelse for ordinære avskrivninger 0 % 0 %

Konsesjonene har ingen avgrensning i levetid og avskrives derav ikke.



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

Note 9 Investering i datterselskap og tilknyttet selskap (TS)

	Kontor- kommune	Eier-/ stemme andel	Anskaffelses kost	Balanseført verdi	Egenkapital siste år (100%)	Resultat siste år (100%)
Lialaks AS	Solund	81,23 %	15 311 971	15 311 971	2 961 031	709 579
Salmon Eye AS	Bjørnafjorden	100 %	500 000	500 000	270 654	-223 776
Norsk Marin Fisk AS	Bremanger	100 %	178 870 214	178 870 214	18 428 986	265 338
Eide Sustainable Marine Technology AS	Bjørnafjorden	100 %	1 000 000	1 000 000	994 430	0
Sum			195 682 185	195 682 185	22 655 101	751 141

Eide Sustainable Marine Technology AS er stiftet i november 2020 og det utarbeides ikke årsregnskap for 2020.

	Kontor- kommune	Eier-/ stemme andel	Anskaffelses kost	Balanseført verdi	Egenkapital siste år (100%)	Resultat siste år (100%)
Miljø og Havbruk AS	Kvam	33,33 %	507 200	507 200	10 578 514	6 259 601
Ænes Inkubator AS	Kvam	33,33 %	75 050 000	75 050 000	227 341 447	-5 668 362
Sum			75 557 200	75 557 200	237 919 961	591 239

Note 10 Langsiktige verdipapirer

	Anskaffelses kost	Eierandel	Balanseført verdi	Årets verdiendring
Anleggsmidler				
Vest Aqua Base AS	640 000	10 %	640 000	0
Inviro AS	115 380	3,85 %	115 380	0
Sum	755 380		755 380	0

Note 11 Varer

	2020	2019
Lager av råvarer	4 940 171	6 802 949
Lager av varer under tilvirkning	183 539 150	215 823 753
Sum	188 479 321	222 626 702



Eide Fjordbruk AS
Noter til regnskap 2020

Note 12 Fordringer og gjeld

	2020	2019
Kundefordringer		
Kundefordringer til pålydende	194 946 193	263 117 542
Avsetning til tap på kundefordringer	0	0
Sum	194 946 193	263 117 542
Fordringer med forfall senere enn ett år		
Andre langsiktige fordringer	14 947	35 410
Sum	14 947	35 410
Langsiktig gjeld		
Gjeld til kredittinstitusjoner	346 111 110	168 333 308
Leasingforpliktelse	67 482 745	71 312 218
Øvrig langsiktig gjeld	0	0
Sum	413 593 855	239 645 526
Langsiktig gjeld med forfall senere enn 5 år		
Gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Leasingforpliktelse	2 080 271	4 384 228
Sum	2 080 271	4 384 228
Gjeld sikret ved pant	346 111 110	168 333 308
Leasinggjeld sikret ved pant	67 482 745	71 312 218
Bokført verdi av pantsatte eiendeler		
Konsesjoner	94 826 000	86 870 000
Driftsløsøre	133 323 980	140 654 001
Kundefordringer	194 946 193	263 117 542
Varer	188 479 321	241 726 702
Leasede driftsmidler	81 047 174	83 551 434
Sum	692 622 668	815 919 679

Selskapet har avgitt pant (avgrenset oppad til) i konsesjoner (MNOK 800), driftsløsøre (MNOK 520,5), varelager (MNOK 325,5) og kundefordringer (MNOK 360,5). Disse er også stillet som sikkerhet for ubenyttet kassekreditt på MNOK 150.



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

Note 13 Mellomværende og transaksjoner med selskap i samme konsern

	2020	2019
Fordringer		
K J Eide Fiskeoppdrett AS	0	2 896 812
Sum	0	2 896 812

Gjeld		
Nordfjord Forsøksstasjon AS	28 304 099	0
Nordfjord Torsk AS	36 727 112	0
Sum	65 031 211	0

Kjøp og salg med selskap i samme konsern	Kjøp	Salg
Eide Fjordbruk Holding AS	2 260 000	0
K J Eide Fiskeoppdrett AS	24 417 295	0
Lialaks AS	13 355 764	56 000

Note 14 Bankinnskudd

	2020	2019
Bundne bankinnskudd		
Skattetreksmidler	1 989 904	1 655 441

Bundne midler på skattetrekskonto er tilstrekkelig til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12 på kr 1 945 850.

Trekktrettigheter		
Ubenyttet kassekreditt	150 000 000	150 000 000

Note 15 Aksjekapital

Aksjekapitalen i Eide Fjordbruk AS pr. 31.12 består av:

	Antall	Pålydende	Bokført
Ordinære aksjer	350	24 400	8 540 000
Sum	350	24 400	8 540 000

Eierstruktur

Aksjonærene i selskapet pr. 31.12.2020 var:

Navn	Verv	Aksjer	Eierandel	Stemmeandel
Eide Fjordbruk Holding AS		326	93,1%	93,1%
Randi Herre Eide	Styrets leder	24	6,9%	6,9%
Totalt antall aksjer		350	100%	100%

Morselskapet Eide Fjordbruk Holding AS utarbeider konsernregnskap hvor Eide Fjordbruk AS inngår. Eide Fjordbruk Holding AS har forretningskontor i Eikelandssosen der en en kan få konsernregnskapet utlevert.



Eide Fjordbruk AS Noter til regnskap 2020

Note 16 Covid-19

Selskapet har blitt påvirket av den globale Covid-19 pandemien i form av reduserte markedspriser på laks og ørret grunnet bortfall av etterspørsel fra restauranter og hoteller som har vært stengt. Pandemien har også medført en mer krevende arbeidshverdag for våre ansatte, med utstrakt bruk av hjemmekontor for administrative ansatte og strenge smitteverntiltak for de ansatte ute på anleggene. Vi er imponert over innsatsen som er lagt ned av våre ansatte gjennom året og er glade for at vi har kunnet opprettholde tilnærmet normal drift.